

KOMMUNEPLAN

FOR

ETNE KOMMUNE

-AREALDELEN-

2003-2013

INNHOLD

PLANOMTALE	3
BYGGJEOMRÅDE	3
SPREIDD UTBYGGING	7
MASSETAK	8
INFRASTRUKTUR	8
AREALBRUK I VATN OG VASSDRAG	10
SJØOMRÅDA	10
LANDBRUK, GRØNTSTRUKTUR OG VERNEOMRÅDE	11
AREALOVERSIKT	16
BEREDSKAP OG SAMFUNNSTTRYGGLEIK	17
GENERELT	17
KVA ER GJORT TIL NÅ I ETNE KOMMUNE	17
KVA GJER VI VIDARE	18
KOMMUNEPLAN 2003-2013	19
TEMATISKE RISIKOVURDERINGER	22
FYLKESPLANAR	28
FYLKESPLAN FOR HORDALAND	28
FYLKESDELPLANAR:	29
REGLAR FOR AREALFORVALTNINGA	32
INNLÆIING	32
BYGGJEOMRÅDE (PBL §20-4, 1.LEDD, NR. 1)	33
LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE	34
(PBL §20-4, 1.LEDD, NR. 2)	34
LNF - SPREIDD BUSTAD/HYTTEBYGGING TILLATE	34
(PBL §20-4, 2.LEDD, BOKSTAV C)	34
OMRÅDE FOR RÅSTOFFUTVINNING (PBL §20-4, 1.LEDD, NR. 3)	36
BANDLEGGINGSOMRÅDE (PBL §20-4, 1.LEDD, NR. 4)	36
BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG	36
(PBL §20-4, 1.LEDD, NR. 5)	36
VIKTIGE KOMMUNIKASJONSÅRER (PBL §20-4, 1.LEDD, NR. 6)	38
REGULERINGSPLANAR:	39

Planomtale

BYGGJEOMRÅDE

Det aller meste av byggeområda i kommuneplanen er knytt til tettstadene Etne og Skånevik og ligg inne i allereie godkjende reguleringsplanar eller er del av pågående planprosessar. Kommuneplanen vil ikkje ha nokon verknad i desse områda. Unntaket er i to område i Skånevik og eit i Etne der areal som er tidlegare er regulert til landbruksareal er lagt ut som byggeområde i planen.

Etne kommune har motteke mange framlegg til framtidige byggeområde frå grunneigarar rundt om i kommunen. Administrasjonen har gått gjennom desse og tatt stilling til dei enkeltvis. Generelt har det vore ei problemstilling at dei føreslegne areala til framtidig byggeområde har vore alt for store i høve til den trangen ein vil ha. Generelt har administrasjonen difor freista ta bort ”ueigna” byggeområde, der det er større konkurrerande interesser. Ein har mellom anna freista legge ut så lite dyrka mark til byggeområde som mogleg. Der dette likevel er gjort har det oftaast ein direkte samanheng med eksisterande større byggeområde. I andre område er areala redusert for å få eit samla areal som er meir realistisk enn opphavleg, og for å meir harmonere med den trangen som er lokalt rundt det foreslege området.

I siste utkast til plan vart det i tillegg gjort ei prinsipiell endring, der ein gjekk frå mange små byggeområde i heile kommunen, til at utbygginga i krinsane skulle skje ut frå LNF-område med opning for spreidd utbygging. Ein del sentra i grendene vil likevel ha byggeområde som er regulert eller som berre vert stadfesta i denne planen.

BUSTADER

Eit av hovudproblema knytt til område som er foreslått av grunneigarane til arealbruk - bustad, er at det samla arealet av desse langt overstig den trangen ein realistisk har i kommunen sjølv på svært lang sikt.

I samband med framskriving av folketalet i kommunen i samband med fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet er det konkludert med at kommunen ikkje vil trenge fleire bustader i eit 40-års perspektiv. Folketalet om 40 år vil etter desse kalkylane vere likt som i dag eller mindre. Folketalsframskrivinga i Fylkesstatistikken for Hordaland konkluderer med at det vil bu om lag 250 personar mindre i Etne kommune i 2015. I og med at kalkylane bygger på dei siste års utvikling, seier det seg sjølv at små endringar i utviklinga vil gje eit helt anna resultat over så lang tid.

Om ein ser på byggeaktiviteten av bustader dei siste åra tilseier statistikken 1991-1999, at det vert ført opp 16 nybygg i året. 16 nybygg i året vil ikkje dermed seie 16 nye frådelte tomter, og heller ikkje 16 mål med nytt byggeland. Dei eksisterande byggeområda vil ta unna ein del av denne byggeaktiviteten. På lang sikt må ein likevel kunne rekne med om lag 15 tomter i året. Om me reknar med store tomter, som er vanleg i Etne, kan ein rekne med 1 da per bustadtomt. Over ein 20-års periode vil dette bli eit vesentleg areal, så i dei

neste 20 åra kan ein ha trong for omlag 300 da til framtidig bustadområde. I planen bør nok dette utvidast fleirdobra ut frå at berre delar av areala verkeleg vil bli utbygd.

Summen av alle innkomne ynskje om bustadområde var 1850 da, noko administrasjonen meiner var for stor overkapasitet. Konklusjonen til administrasjonen vart at ein måtte redusere dette ein god del, men ikkje så mykje at ein ikkje framleis hadde god kapasitet og valfridom for dei som ynskjer å etablere seg med bustader i kommunen. Nokre stader vart heile ”bustadområde” strokne fordi staden var lite eigna, medan andre område vart redusert.

Med det nye framlegget til plan vil kapasiteten i byggeområda rundt sentrumsområda kunne dekke den kapasiteten ein treng. I tillegg er det no i planen opna for 50 bustader i LNF-område opna for spreidd utbygging, som eit supplement til dette.

INDUSTRI

Administrasjonen har også sett på framtidige industriareal i kommunen. I Skånevik har ein utvidingsmogleheter i eksisterande område. I tillegg var det i kommuneplanen frå 1987 synt framtidig industriareal her som enno ikkje er regulert. Utvidingsarealet ynskjer administrasjonen framleis skal ligge inne, då kapasiteten i det eksisterande området har relativt liten kapasitet att. Det må ved regulering for utviding vere eit fokus på å ta omsyn til naturverdiar og landbruksinteresser, saman med estetiske vurderingar for å kunne hindre negative konsekvensar av utvidinga i området.

I Etneområdet er det mest ingen kapasitet i dei eksisterande industriområda. I reguleringsplanen for Etne sentrum som inkluderer Tongane industriområde er det no foreslått ei ny utviding av dette. Dette er likevel ikkje meir enn at relativt små etableringar for vil bruke opp dette arealet. Tongane industriområde toler truleg ikkje vidare utvidingar utover dette. Nærleiken til sentrum, anna utbygging i området, ynskje om å ha noko landbruksareal igjen rundt sentrum og avstand frå nærmeste inngrep til Etneelva, gjer dette vanskeleg. Administrasjonen meiner difor ein i denne planen bør freiste etablere eit nytt industriområde knytt til tettstaden Etne, der det er langtlig utvidingspotensiale. Administrasjonen meiner samstundes det er viktig å velje berre eit hovudområde, slik at ein kan få dei mest fornuftige samla løysingane knytt til infrastruktur og tekniske anlegg. Området må vere mest mogleg avskjerma for innsyn, det bør ligge nær E134, og i rimeleg nærleik til Etne. Alternativt kan ein satse på to område om ein ser føre seg ulik type drift i dei to områda. Verksemder med mykje støy og andre utslepp kan leggast til eit av områda, medan lager og anna ”rolegare” drift kan plasserast i det andre.

Det er to alternativ som synest aktuelle, også med omsyn til andre interesser. Det eine alternativet er å etablere eit nytt område mellom E134 og skytebanen på Fikse. Det andre alternativet er å etablere det nye industriområdet ovanom Geitaberg aust for Osvåg.

Administrasjonen vurderer området på Fikse å vere godt egna med omsyn til lave etableringskostnader, men at området er noko langt frå Etne sentrum. Området vil også kunne vere konfliktfylt når ein skal etablere ny trase for E134 gjennom området. Den nye traseen kan både gjere dette området heilt isolert og uinteressant, men vegen kan også bli lagt der industriområdet skal ligge. Om området allereie er nedbygd vil dette kunne vere eit problem, og direkte innsyn frå vegen til industriområdet kan moglegvis vere dårlig reiselivsreklame for Etne, der det første ein kjem til i Etne er eit industriområde. Kommunedelplanen for ny E134: Håland - Ølen grense, bør difor ha konkludert med ein trase før ein eventuelt legg eit industriareal her.

Området ved Geitaberg er nok meir kostbart å etablere. Det er likevel ein del føremoner ved dette som gjer at administrasjonen vil føretrekke dette framfor Fikse, om ein må velje. Avstanden til Etne og hamna der er noko kortare enn frå Fikse. Området er usjenert, og kan skjulast i dei dalane som er der, betre enn eit område på Fikse. Området vil vere meir fleksibelt i høve til ein framtidig E134 – trasé, der det alltid vil vere sentralt plassert sjølv om det er mange vegløysingar som er moglege utan å komme i konflikt med industriområdet. Dette industriområdet kan ved framtidig utviding nordover meir bli ein del av tettstaden Etne enn ei etablering på Fikse, som blir ein satellitt.

I tillegg til hovudindustriområdet ved Etne har det blitt arbeidd med å finne eigna lokalisering for eit framtidig avfallsanlegg. I den lokaliseringsdebatten som har vore verkar det som mest fornuftig å plassere dette anlegget uavhengig av andre etableringar, utanom dei større industriområda. Avstand til bustader og hytter bør vere tilstrekkeleg, og anlegget bør ligge godt gøynd for innsyn. Om ein vel å opne for utbygging av begge dei føreslegne industriområda, bør det også kunne vere plass til slik verksemد i eit av desse områda.

FRITIDSBYGG

Det er få byggeområde i planen for fritidsbygg. Det er opna for bygging av over 300 hytter i LNF-område opna for spreidd utbygging, men reelt vil nok mange av desse områda gå gjennom ein detaljplanprosess før utbygging blir aktuelt. Det er berre i Kyrkjedalen på fjellet, og ved Ytre Nes at det no er større byggeområde. Til saman er det opna for 150 hytter i dei to områda, men ingen utbygging vil kunne skje før områda er regulert.

Administrasjonen ser føre seg at fritidsbustadene hovudsakleg skal ligge med god avstand til fjord og strand, slik at sjølve strandsona ikkje vert privatisert, verken i sjøen eller langs vatn. Ein må vidare i desse områda sette av tilstrekkeleg store og samanhengande område til friluftsliv og nytte dei aller finaste strandareaala til friområde. I somme høve bør ein også kunne etablere nausthytter til sjø eller fritidsbustader ned til stranda der dette ikkje kjem i interessekonflikt med friluftslivet. Det er likevel naturleg at slike etableringar skjer etter detaljplanprosesser, og ikkje direkte etter kommuneplanen.

Marknaden for fritidsbustader og naust i Etne kommune vil vere av ein heilt annan karakter enn når det gjeld bustader. Det vil truleg vere eit stort potensiale for hyttebygging, og trangen for naust er ofte nemnt i samband med planar. Det er få naustområde i dag for fastbuande i kommunen. Dette gjer at ein er positive til etablering av område for naust, men dette må gjerast etter godkjende reguleringsplanar. Kommuneplanen gjev ikkje noko opning for naustbygging slik den no er utforma, men det bør vere ei målsetjing ved revisjon av planen.

FØRESETNADER FOR NYE BYGGEOMRÅDE

Det er fleire ytre føresetnader som vil vere styrande for om dei framtidige byggeområda kan realiserast. Sjølv om det planmessige og utviklingstilhøva tilseier at det er ei fornuftig etablering, vil andre tilhøve kunne setje ein stoppar for prosjektet. Desse tekniske hindringane vil kunne setje stoppar for utbygging i dag, men det synest realistisk å tru at mange av desse hindringane kan finne si løysing i framtida. Prosjekt som i dag er urealistiske vil difor kunne realiserast i framtida når rammetilhøva i området endrar seg.

STRAUMFORSYNING

Kapasiteten på straumnettet er i utgangspunktet utbyggaren sin kostnad. I mange område i Etne kommune er ikkje nettet større enn at leveringskapasiteten er nådd. Om kapasiteten skal aukast må enten eigaren av linja eller utbyggar oppgradere nettet fram til det punkt der det er kapasitet i dag. Problemet kan i somme tilfelle løysast i sjølve byggeprosjektet, men i somme tilfelle vil ikkje prosjekta kunne gjennomførast før netteigaren sjølv oppgradere ut frå eigne kalkylar for inntening.

VEGSTANDARD/TRAFIKKTRYGGLEIK

Mange etableringar vil kunne skape endringar i trafikktihøve med auka transport til dette særskilde området. Dagens vegstandard på tilførsle-/hovudvegar kan då vere eit hinder for at denne transporten er mogleg eller forsvarleg. Også andre tilhøve knytt til trafikktryggleik, som stor trafikk av mjuke trafikantar og manglande gang-/sykkelveg kan vere faktorar som må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Sjølv om desse faktorane i dag kan tilseie at enkelte av byggeområda i planen ikkje bør realiserast no, vil ein etter utbetringar på vegane få utløyst også desse.

ANDRE TEKNISKE TILHØVE

Både tilhøve knytt til avløp og vassforsyning kan i nokre tilfelle vere eit hinder for at ein kan etablere framtidige byggeområde. Om grunntilhøva er for därlege for enkle kloakkanlegg, eller vasskvaliteten på staden er for därleg vil dette i seg sjølv kunne hindre eit prosjekt i særskilde tilhøve. Ein ser føre seg å føre vidare det arbeidet som er gjort med omsyn til vassforsyning, der den noverande hovudplanen er gjennomførd. Dette planarbeidet må førast vidare, for å koordinere den vidare utbygginga av anlegga.

UOPPDAGA NATUR- ELLER KULTURVERDIAR

Ein kan sjå føre seg at det framleis kan bli oppdaga nye kulturminne eller verdifulle naturverdiar i kommunen. I dei fleste tilfella vil ein framleis kunne gjennomføre dei påtenkte byggetiltaka, men i ekstreme tilfelle vil ein måtte kutte heile prosjekt ut frå slike spesielle verdiar. Om dette skal vere tilfellet må det vere spesielt høge verdiar av nasjonal eller stor regional verdi.

CAMPINGPLASSAR

Ein vil i planen legge opp til ei stadfesting av dei eksisterande campingplassane i kommunen. Det er ikkje alle som er registrerte i den ”gamle” kommuneplanen. Det er også teke inn nokre ynskje om ”nye” campingplassar. Regulert campingplass på Kyrping vil vise i planen som byggeområde, men og som regulert område.

ETNE CAMPING

Det er i planen lagt til rette for ei utviding av campingplassen. Campingplassen er i dag fullt utnytta og vil truleg også ha eit utviklingspotensiale. Utvidinga vil skje inn på dyrka mark.

SKÅNEVIK CAMPING

Vest for Skånevik var den eksisterande campingplassen sett av til ”friluftsområde”. Skal ein tolke dette etter dagens lovverk kan ein forstå føremålet som LNF-område med retningsliner om at friluftsinteressene skal vere dominerande for bruken av området. I planen no er området sett av til byggeområde for camping, og eit mindre område til friområde.

CAMPING PÅ SVINDAL

Det er sett av eit område på Svindal til framtidig camping. Det er også ynskje om å etablere ei småbåthamn i samanheng med denne.

CAMPING PÅ EBNE

På Ebne er det interesse for å etablere eit større turistområde, der hytter, hamn og område for camping er med i konseptet.

KYRPING CAMPING

Delar av campingplassen er regulert, og resten vil bli regulert i nær framtid. Arealet er difor sett av som restriksjonsområde, der denne planen ikkje skal gjelde.

CAMPING PÅ HALVFJORDINGEN, RULLESTAD

På Halvfjordingen på Rullestad er det no lagt ut eit framlegg til reguleringsplan. Forslaget inneber eit område til camping i tilknyting til ein rastepplass, veg og område for forretning, servicebygg, utleiehytter, naust og småbåthamn.

SPREIDD UΤBYGGING

Det meste av arealet i dei fleste kommunar vil i kommuneplanen vere sett av til LNF-område. Desse områda, der landbruks-, natur- og friluftsinteressene skal samverke, skal generelt i liten grad byggast ned. Det er likevel høve å setje av mindre område i planen der spreidd utbygging er tillate. Det er sett av slike område i dei fleste grender i kommunen i det framlegget som no har vore ute til offentleg ettersyn. Planen opnar gjennom desse områda for over 150 hytter og ca 50 hus. Dette vonar ein vil vere tilfredsstillande for å oppretthalde den tradisjonen ein har i kommunen for utbygging også utaføre sentrumsområda.

MASSETAK

Det er laga ein eigen kommunedelplan for sand og grus. Denne omtalar problematikken knytt til uttak av lausmassar, og konkluderer med nokre moglege framtidige uttaksområde. Dei områda i kommunedelplanen som ikkje allereie er regulerte er synt som framtidige område for massetak i denne planen.

I tillegg til uttak av lausmassar er det også ei aukande interesse i å ta ut steinmassar ulike stader i kommunen. Desse er merkt av som framtidige område for massetak, og må i utgangspunktet regulerast.

INFRASTRUKTUR

I sjøen er farledene symbolisert med stripa linjer. Riksvegen og fylkesvegen mellom Etne og Skånevik samt europavegen er avmerkt i planen. Planlagde vegprosjekt er synt i planen med raud strek, der prosjektet er klarert planmessig/økonomisk. Gul strek tyder at traseen på kartet, og prosjektet i seg sjølv, er utan rettsverknad. Dette er prosjekt som er ynskjeleg for kommunen å få realisert, men som ikkje er klarert med omsyn til planar eller økonomi.

Dei største kraftlinene i kommunen syner på plankartet. Det er planlagd ein del endringar på hovudkraftlinene, og dei nye traseane syner som framtidig bandlagde område. Dei framtidige linene kan avvike nok frå den nøyaktige traseen etter konsesjonsvedtaket. Det er traseen i konsesjonen/ den reelle lina i terrenget som skal gjelde, framføre traseen i planen. Legg merke til at nokre av dei eksisterande linene skal leggast ned, og planen er ikkje meint å gjelde for desse områda etter at dei er fysisk lagt ned.

VEGAR

SAUDA VEGEN

Det er laga konsekvensutgreiing for tunnel og veg mellom Lauareid og Sauda. Konsekvensutgreiinga er no godkjent hjå Vegdirektoratet. Det er den traseen, tilrådd i konsekvensutgreiinga som er teikna inn på planen, sjølv om dette kan endre seg fram til endeleg plan. Det må lagast reguleringsplan før ein slik veg kan realiserast. Tunneldelen av vegen og vegen på saudasida er med i fylkesdelplan for areal og transport i Ryfylke

(Rogaland Fylkeskommune) 2001 – 2011. Finansiering av vegen har også vore tema i samband med konsesjonshandsaming av kraftutbygging i Saudafjella.

Prosjektet vil vere ein del av ein framtidig ”indre stamveg” mellom Stavanger og Bergen, og vil i tillegg skaffe Sauda betre kvalitet på vegen, og kortare reisetid både mot aust og vest.

TUNNEL ETNE – SKÅNEVIK

I den eksisterande kommuneplanen er denne tunnelen med, og signalen er at ein ynskjer denne med også i dag. Tunnelen har ikkje fått gjennomslag i regionale planar så langt. Det pågår ein prosess med fylkesdelplan for samordning av areal og transport på Haugalandet. I denne prosessen vil det kunne vere eit viktig signal om ein får dette prosjektet med eller ikkje.

Prosjektet vil ha ein viktig effekt med å knytte Etne og Skånevik saman. Reisetida ville bli redusert frå om lag 30 minutt i dag, til 5 – 10 minuttar med tunnell. Det ein bør vurdere i samband med denne planen er om det er andre løysingar som kunne gi like god effekt som tunnelen. Eksempelvis ville ei opprusting av fylkesvegen mellom Etne og Skånevik løyse eit stort problem knytt til vegen i Etne i dag. Kombinert med ein mindre tunnel ville ein i tillegg til å kutte reisetida auke tryggleiken både for mjuke trafikantar og biltrafikken.

Vegen om Nordstranda og Skånevikstranda er i dag eit trafikktryggleiksproblem med svært låg standard. Likevel bur det mange innbyggjarar her, og det er flotte område for framtidig utbygging både til bustadar og hytter. Tryggleiken på denne vegen er det store hinderet for at større utbygging av bustadar ikkje er tenleg i dette området.

RULLESTADJUVET

Av dei planlagde vegprosjekta i kommunen er dette prosjektet det som er næraast realisering. Reguleringsplanen for prosjektet er vedteken, og arbeidet med byggeplanen er gjort. Byggestart er pårekna til våren 2004.

FRAMTIDIG TRASE E134 HÅLAND - ØLEN GRENSE

E134 er no ferdig oppgradert mellom Fjæra og Håland. Vegen mellom Fjæra og Odda grense er ferdig planlagt, og arbeidet vil starte opp i løpet av 2003. Traseen til den resterande delen av E134 i Etne kommune vil bli fastsett i ein kommunedelplan som etter stamvegutgreiinga må komme før 2009. Det er difor ikkje føremålstenleg å syne nokon trase i denne omgang, diskusjonen vil bli teken opp i kommunedelplanprosessen når den kjem.

HAUKELIBANEN (HAUGESUND – OSLO)

Det er arbeidd med eit prosjekt for å få jernbane til Haugesund lenge. Etne kommune har bidrøge med midlar til planarbeidet, og sjølv om realisering av prosjektet kan ligge langt fram i tid, bør det gjerne vere med for å syne at ein ynskjer eit slikt prosjekt i kommunen.

KRAFTUTBYGGING

Sjølv om det kan skje utbetringar og utvidingar av eksisterande større kraftutbyggingar er det ikkje truleg at det vert mange større utbyggingar i kommunen i framtida. Sjølv om det vert arbeidd med utviding av noverande kraftanlegg nord for Åkrafjorden (Blåfalli).

For kraftanlegga i Litledalen er kraftstasjonane og røyrgatene lagt inn i kommuneplanen som industriområde. Ingen andre damanlegg i fjellet er lagt inn med særskild føremål i planen. Både nord for Åkrafjorden og i Etnefjella er det slike anlegg.

Små kraftverk derimot, er ei stor ressurs, som med relativt små inngrep, utgjer ein lokal ressurs som bør kunne nyttast i aukande grad i framtida, og det er mange planar om slike kraftutbyggingar i Etne for tida. Berre anlegga i Kaldheimsjuvet og Kambe eksisterer i dag, og kraftstasjonane syner i planen som industriområde. Dei framtidige prosjekta vil hovudsakleg ligge i LNF-område, og planen tek ikkje stilling til desse. Kvart enkelt prosjekt må handsamast etter konsesjonslovgjevinga og Plan- og Bygningslova med forskrifter etter kvart som dei vert omsøkt.

VASSVERK

Nedslagsfelta til kjende større vassverk er sett av i planen. I tillegg er nedslagsfeltet for Høylandsvassdraget sett av som framtidig restriksjonsområde. Dette er gjort for å sikre området som framtidig vasskjelde for heile Etneområdet. Planar om eit slikt stort vassverk for å sikre kvalitet og forsyning har blitt fremja.

AREALBRUK I VATN OG VASSDRAG

Alle vatn og vassdrag er ikkje sett av med eigen arealbruk. Etnevassdraget opp til Øyna og Hårland er sett av til friluftsområde. Det same gjeld Sandvik/Mosdalsvassdraget, og Vaulavassdraget (^m/Langfoss) som også er verna vassdrag. I tillegg er Fjæravassdraget sett av som fleirbruksområde. Ein del større vatn i fjella er sett av som fleirbruksområde eller friluftsområde avhengig av om dei er i nedslagsfeltet for verna vassdrag eller ikkje.

SJØOMRÅDA

I den siste tida er det søkt om konsesjon på mange akvakulturanlegg i Etne. Det er hovudsakleg skjelanlegg det er søkt om, men også oppdrett av torsk. Etter ei nærmare vurdering av konfliktpotensialet og verdiar knytt til natur og landskap, har ein vald å setje forbod mot akvakulturanlegg i ein del område i kommunen. Dette gjeld:

1. Heile Etnefjorden.
2. Kystsona frå Børkjenes til Leknesvik m/området rundt Taraldsøy.
3. Skånevik. Mellom Skålnes og Breivik.
4. Området utaføre Kyrping og landskapsvernområdet ved Skrekollen.
5. Området ved Teigland.
6. Utaføre Tysse (hamna på Eikemo).
7. Frå Langfoss/Bråskot til Fjæra.

Desse ”nei-områda” vil til ei viss grad vere i konflikt med innkomne konsesjonssøknader, men eksisterande anlegg vert ikkje berørt. Eksisterande område for eksklusiv bruk (fiske, akvakultur, friluftsliv, natur og ferdslle) vil ligge som avgrensa område innanføre ”nei-områda”, eller for seg sjølv. Utover dei nemnde områda er det ikkje teke stilling til arealbruken i sjøområda. Dette syner som kvite areal i sjøen, og søknader her om etablering av for eksempel akvakultur må ein ta stilling til enkeltvis. Dei eksisterande konsesjonane er registrert med korrekt arealbruk på kartet, men alle søknader som er til handsaming er ikkje naudsynleg vist.

Når det gjeld fiskeri er det to område som er avsett inst i Åkrafjorden. Dette er viktige gyeområde. Elles er dei fleste registrerte låssettingsplassar sett av til arealbruk ”fiske”. Dei låssettingsplassane som ikkje er tekne med, skuldast at dei ligg i område som er for mykje trafikkert eller av andre grunnar er vurdert å vere ueigna til slik bruk. Eit alternativ kan vere å setje av eit alternativt område i planen, men dette er førebels ikkje gjort. Kapasiteten i planen synest vere tilfredsstillande i høve til trøngen fiskarane har for slikt i dei ulike delane av kommunen.

I dei ulike sjøområda for eksklusiv bruk vil omsynet til arealbruken vege tungt, og ingen tiltak kan gjerast som er til hinder for den planlagde bruken.

LANDBRUK, GRØNTSTRUKTUR OG VERNEOMRÅDE

LNF (Landbruks- Natur- og friluftsområde)

Det er ikkje høve til å gje juridisk bindande føresegner for friluftsområde eller naturområde i landområda i kommunen. Desse må kombinerast i landbruks-, natur- og friluftsområde. Det er likevel vanleg å signalisere gjennom retningsliner om ein har bestemte område der ein ser at ein av desse typene arealbruk som det bør takast særskild omsyn til ved forvaltinga av dette arealet. Ein burde vurdere om det er område i fjellområda i Etne om har så stor regional og lokal verdi for friluftslivet at det kunne vore aktuelt å setje dette av til friluftsområde. Dette er ikkje gjort i denne planen.

I tillegg til dei områda som er verna etter naturvernlova, kunne det også vere aktuelt å signalisere kva andre viktige naturområde som finst i kommunen. Mange verdifulle naturmiljø kunne vore markert med retningsliner, utan at dette medfører vern av områda. Dette er i liten grad gjort i planen, og ein burde vurdere slikt i ein eigen prosess for naturverdiane. Naturverdiane i Etne er i seg sjølv godt kartlagde, men det er prosessen med å vurdere kor viktige dei ulike områda er som gjenstår.

Det er i planen også synt område markert for framtidig massetak. Dette er område der ein ikkje ynskjer nedbygging, heller ikkje av driftsbygningiar i landbruket, for å sikre at massane kan nyttast ein gong i framtida. Det er likevel ikkje rett å setje områda av til massetak, for om områda skal nyttast til massetak må ein ta stilling til i ein reguleringsplan og eventuell konsekvensutgreiing.

Det meste av dei fleste kommunar er lagt ut som LNF-område. Dette gjev seg sjølv med det landskapet ein har i landet, med store fjell- og skogområde der det er relativt lite inngrep. Dette skuldast gjerne terrenget som kan vere bratt, og dei klimatiske tilhøva i høgare strok. Etne er ikkje noko unntak i så måte, der over 97% av kommunen sitt landareal er LNF-område. Reint LNF-område vil vere eit hinder for utbygging av andre tiltak enn dei som er knytt til landbruk/stadbunden næring, og er med det ei sikring av landbruksinteressene. Det er sett av ein del LNF-areal til spreidd utbygging, som opnar for meir enn 150 hytter og ca 50 hus, men dette er mindre enn 1% av LNF-områda, og er grunnlaget for spreidd utbygging i grendene i kommunen. Reglane for desse områda set klare føresetnader for utbygginga, der omsynet til landbruket tel sterkt.

Dette tilseier at landbruk er ei viktig næring i Etne, som er ein stor landbrukskommune i Hordaland. Det er viktig for kommunen at ein held på eit levande og framtidsretta landbruk. Dette er ikkje berre viktig som næringsliv og arbeidsplassar, men også for å oppretthalde det særeigna kulturlandskapet som landbruksdrifta har forma opp gjennom tida.

Det er laga plan for skogbruket, med vurderingar knytt til skogsvegar. I tillegg ynskjer ein å få ressursar til å arbeide med ein landbruksplan for kommunen. Slike temaplanar vil vere viktige for å styre forvaltninga innanfor LNF-områda i kommunen. Saman med å sjå på ei differensiering av landbruksarealet, for å kartleggje kva som er det viktigaste landbruksarealet i kommunen, kan desse planane gje eit godt grunnlag ved revidering av arealdelen til kommuneplanen seinare. Med eit endå betre grunnlag kan kommuneplanen differensierte mellom ulike område i kommunen med ulike retningsliner. Dette kan gjere forvaltninga meir førutsigbar for innbyggjarane, og kan auke kommunen sitt høve til sjølvstyre der det ikkje er sterke interesser knytt landbruket.

100-METERSBELTET

Etter § 17-2 i PBL skal områda i ein kommune som ligg inntil 100 meter frå sjøen takast særskild omsyn til. Det er i utgangspunktet ikkje lov å dele i frå, eller å gjennomføre byggetiltak i dette området med mindre det er sagt noko anna i ein reguleringsplan, eller eventuelt som eksisterande byggeområde i kommuneplan.

FRIOMRÅDE

Det er berre høve til å setje av reine friområde i kommuneplanen der desse er i direkte samanheng med senterområde eller større byggeområde. For friområde som ligg for seg sjølve må ein bestemme seg for å eventuelt sette området som LNF med retningsline med at friluftsinteressene skal prioriterast i området. Alternativt kan områda setjast av som bandlagt område. Konsekvensen med å nytte bandlegging i dette høvet er at bandlegginga gjeld i 4 år. Innan 4 år må ein difor regulere området til friområde for at føremålet framleis skal gjelde.

Friområda nær byggeområde i kommunen vil oftaast ligge i regulerte område. Valet om ein skal nytte bandlegging eller retningsline for friområda kan variere frå område til område. Når ein ser kva område som er med i planen kan det verke som om det er tilstrekkeleg med LNF-område og ei retningsline. Om kommunen skulle finne det naudsynt å regulere områda kan vurderast etter kvart som eventuelle truslar mot friområda skulle bli større.

HONSVIK

Her eig Olav Vik stiftelsen eit område som er nytta til friluftsbruk i dag, og området kan nyttast som tilkomst til bygdeborga på Matskår. Vil kunne utviklast vidare som eit område for heile Etnebygda, og er allereie regulert.

PLANTESKULESKOGEN, ETNE

Planteskulen er no seld frå staten til gardane rundt. Det er avtale med den nye grunneigaren at planteskuleskogen, som tidlegare var opparbeidde til park, skal vere tilgjengeleg for ålmenta også i framtida. Planen syner difor området som LNF, med retningsliner om at friluftsliv er dominerande i bruken av området.

SANDVIK

På Sandvik har kommunen i dag ein eigedom, som no vert vurdert seld. Ned mot sjøen vert eideomen i dag nytta som friområde til ulike friluftsaktiviteter. Ein bør syne dette området i planane på eit vis for å sikre dette friområdet i framtida. Kommuneplanen set no av området til LNF, men med retningslinjer på at friluftsbruken er dominerande i bruken av området.

TEIGLAND

I Åkrafjorden er terrenget slik, at det er få gode badestrender som er lett tilgjengelege frå vegen. På Teigland er ei strand, som er lett tilgjengeleg og vert nytta til bading i dag. Denne bør i planen kunne sikrast for å gje ålmenta rett til ei god strand i området. Grunnen er i privat eige, så for å sikre arealet bør ein regulere området. Der er planar om å gjere dette. I denne planen er det truleg nok med å bruke LNF og retningsliner, men det kunne også vere aktuelt å bandleggje arealet eller gje det føremål ”friområde”.

SKJERSVIK

På Skjersvik er det ei flott strand nedom vegen, som er godt eigna som friområde. Det er aktuelt å byggje ut noko av området rundt, og det er difor viktig å sikre sjølve stranda. I planen er området sett av som friområde. Arealet er klart avgrensa av eksisterande veg, og det er difor ingen interessekonflikt med landbruksinteresser og dyrka mark.

TARALDSØY

Taraldsøy er i dag definert som friområde i kommuneplanen. Dette kan etter lovverket i dag tolkast som LNF-område, med retningsliner om at friluftslivet skal prioriterast ved bruken av området. Øya har nokre få tomter for eksisterande fritidsbustader, men er elles open for ålmenta. Det er laga til kaianlegg for båtfolket, og i nord er det eit fuglefredningsområde. Området er godt sikra gjennom eigartilhøve, og difor foreslått markert i planen som LNF med retningsliner.

HAMNAKLUBBEN

Området er i dag regulert til industriområde. Det er eit egna område for eit mindre dokk-anlegg, men trøgen for dette er noko usikker i dag. Det er ei etablert småbåthamn her i dag, og mange brukarar. For å sikre framtidige industriareal ved Skånevik vurderer administrasjonen det slik at området framleis bør vere sett av til industri. Området kan nyttast til småbåthamn så lenge det ikkje kjem inn noko aktuelt industriprosjekt her.

I og med at kommunen eigar området tilstrekkeleg sikra så lenge staden skal nyttast til småbåthamn. Det har vore ytra ynskje om at området i denne planen vert omdefinert til ein type frimråde på land. På sjølve Hamnaklubben er det tilrettelagt med bord og anna, slik at området fungerer som eit frimråde i dag.

Det har vore diskutert om kommunen kan omdefinere dette området frå industri utan å bli erstatningspliktig. Dette skuldast at området i si tid vart ekspropriert, og at ein i samband med dette fekk stønad frå staten. Det er usikkert om staten då skal ha delar av stønaden tilbake, sjølv om dette truleg ikkje blir noko problem.

BØKESKOG PÅ MILJA

Det er planta ein bøkeskog på Milja Gård i Skånevik, oppå ein morenerygg. Denne moreneryggen er interessant i samband med den geologiske historia i området, men bøkeskogen er også i seg sjølv eit sjeldant element for Vestlandet, både botanisk og som naturtype. Området er nytta til friluftsaktivitetar i dag.

Området er i dag i privat eige. Det er ikkje konkrete planar for regulering av området, men dette vil vere ein konsekvens av å eventuelt bandleggje. Det går an å stole på at arealbruken LNF med retningsliner vil sikre området tilfredsstillande, kombinert med eit samarbeid med grunneigaren. Om slikt samarbeid skulle vere vanskeleg, kan LNF vere ei därleg sikring av friluftsinteressene i området. Ein bør difor sterkt vurdere om ein bør nytte bandlegging denne staden, eller regulere området seinare om tiltak kan truge desse naturverdiane.

POSTVEGEN

Både mellom Etne og Skånevik og i Rullestadjuvet er postvegen i bruk til friluftsformål. Friluftslova vil gje ålmenta heimel til bruk, og kommuneplanen har difor ikkje gjeve noko særskild føremål for desse utover LNF. Om det skulle bli problem knytt til desse i framtida kan dei sikrast gjennom reguleringsplan, eller ved å nytte kulturminnelova. Vegane er merkt av i kartet utan rettsverknad.

NATURVERN

Det er to holmar i kommunen (Skåno og Brattholmen nord for Taraldsøy) som er verna som fuglefredningsområde. Desse er naturreservat. Det er i tillegg eit naturreservat for barlind i Langebudalen mellom Bergstø og Skromme. Ved Skrekollen på Kyrping er det eit landskapsvernombord for edellauvskog (styvingstre), noko som er eit mindre strengt vern. Det er under utarbeiding ei utgreiing for å etablere ein nasjonalpark rundt Folgefonna omkransa av evt. landskapsvernombord. Kor langt denne vil strekkje seg inn i Etne kommune er noko usikkert, men arbeidsgrensa er vist på kartvedlegg til kommuneplanen.

Dei mest omfattande verneområda i Etne er gjort gjennom vedtak i Stortinget med verneplan for vassdrag. I denne er Mosnesvassdraget i Åkrafjorden verna. Vassdraget ligg i eit område med lite inngrep og lite trafikk. Vassdraget er marginalt utbygd i Tverrelva, der vatn vert overført til kvinnheradsida og kraftanlegga i Blådalen. Vassdraget vert truleg ein del av verneområdet i samband med Nasjonalpark rundt Folgefonna.

Det største verneområdet i kommunen er Etnevassdraget. Med nedslagsfeltet dekker vernet ein stor del av kommunen der forvaltninga skal ta omsyn til friluftsinteresser og naturverdiane. Vaulavassdraget ^m/Langfoss er og verna delar av året, og delar av Vikedalsvassdraget kjem inn i Etne kommune og er verna i verneplanen.

Verneområda etter Naturvernlova er sett av som restriksjonsområde i planen, medan nedslagsfeltet til verna vassdrag er synt på plankartet utan rettsverknad. 100-meters avstand mot hovudstrengen i dei verna vassdraga er også synt i plankartet utan rettsverknad.

KULTURMINNE

I planen er alle kartlagde kulturminne som er automatisk freda sett av som bandlagt område. Det er sett i gong ei fredningssak for Stødleområdet, men det er ikkje teke stilling til dette av kommunen i denne planen. Sjølve kyrkja og gravplassen er likevel synt som bandlagt område, som dei andre kulturminna automatisk freda etter kulturminnelova.

Det er viktig å understreke at kommuneplanen ikkje syner ukjende kulturminne, eller kulturminne i område som ikkje er kartlagde. Kulturminnelova sine bestemmelser vil difor gjelde for heile kommunen uavhengig av arealbruken i planen.

AREALOVERSIKT

BEREDSKAP OG SAMFUNNSTRYGGLEIK

Generelt

I dette kapittelet vil vi sette beredskapsarbeidet inn i ein større samanheng, ved å seie noko om utviklingstrekk for beredskapsarbeidet i Etne kommune. Samstundes vil vi seie noko om nåsituasjonen for beredskapsarbeidet i Etne kommune.

Samfunnstryggleik vert nytta for å skildra evna samfunnet har til å oppretthalde viktige samfunnsfunksjonar og ivareta innbyggjarane sine liv, helse og grunnleggjande behov under ymse påkjenningar. Samfunnstryggleiksarbeidet har eit førebyggjande element ved at sannsynlegheit for at ei uønskt hending skal skje vert redusert. Vidare skal arbeidet sikra at konsekvensane når ei uønskt hending skjer, vert så små som mogleg. I risiko- og sårbarheitsanalysar skil ein difor mellom førebyggjande tiltak og skadereduserande tiltak. Førebyggjande tiltak er tiltak som skal hindre at eit uønskt hending skjer. Skadereduserande tiltak er tiltak som skal minske skadane når ei uønskt hending har skjedd.

For å kunne redusera omfang og skader av uønskt hendingar er det ei føresetnad at vi først kartlegg risiko og sårbarheit i samfunnet. I dette arbeidet har vi og skal vi nytta ROS-analysar. Ein ROS-analyse er ein systematisk gjennomgang av samfunnet for å kartleggje kva uønskt hendingar som kan føra til at samfunnet ikkje lengre fungerer som det skal og at innbyggjarane ikkje får dei tilbod og tenester dei har krav på.

Kva er gjort til nå i Etne kommune

Etne kommune gjennomførte nokre ROS-analysar i 1997 og seinare i samband med overgangen til eit nytt tusenår:

Brann

Det er utført analysar for brann på Etne sjukeheim, brann på Enge skule, brann i trevarefabrikk, brann ved tankbilvelt og utmarksbrann. Vi har gjennom desse analysane ikkje kome fram til førebyggjande tiltak som bør innarbeidast i kommuneplanen. Vi kan ikkje sjå at forslaget til ny kommuneplan utgjer ein større risikofaktor med omsyn til brann.

År 2000

Analysane som vi gjennomførte i samband med overgangen til år 2000 gjekk for det meste på systema som kommunen har for å utføra tenester. Vi utførte analysar for straumbrot på Etne omsorgsenter, Skånevik omsorgsenter, heimebaserte tenester og brannvesen. Analysane tok føre seg ulike intervall for straumbrot. Det vart gjennomført ein del tiltak i samband med desse analysane, mellom anna vart det kjøpt inn naudstraumsaggregat til begge omsorgsentra.

Vi utførte også analysar for svikt i telekommunikasjon på legevaktcentral og for legevakttenesta. Det vart utført ein del tiltak før år 2000, og varslingslister må haldast oppdaterte. Det er i kommuneplanen ikkje lagt inn nye tiltak som forverrar situasjonen.

Etne kommune har utarbeidd plan for kommunal kriseleiing. Planen inneheld mellom anna varslingsrutinar, kva oppgåver ein har, informasjonsplan og fullmakter. Det er ikkje rutinar for når planen skal oppdaterast, det står berre at den skal oppdaterast ved behov.

NVE er snart ferdig med å utarbeida eit flaumsonekart for Etneelva. I tillegg har kommunen ein del rapportar frå tidlegare som gjeld rasfarlege områder. Kommunen held sjølv på med å laga ein trafikksikringsplan, og Statens vegvesen har utarbeidd ROS-analysar for delar av europaveg 134 frå Rogaland grense til krysset på Håland.

Kva gjer vi vidare

Etne kommune skal vera ein kommune med god samfunnstryggleik og liten sårbarheit. Dette skal vi oppnå gjennom vidare arbeid med å førebyggje uønska hendingar, unngå å skape meir risiko, samt redusera skadeverknadene om uønska hendingar skjer.

Etne kommune skal gjennomføra fleire ROS-analysar innanfor aktuelle områder. Nå i fyrste omgang skal vi sjå på ulike typar naturkatastrofe; flaum, jordras, steinras, snøskred. Vi skal også i denne omgang ta føre oss ROS i høve til kommunikasjon der trafikkulykker og transport av farleg gods vil bli analyserte.

Etne kommune ønskjer å føra systematiseringa frå ROS-analysar og samfunnstryggleik inn i planarbeidet. Prioriterte tiltak etter gjennomførte analysar skal innarbeidast i reguleringsplanar, rullering av kommuneplan, økonomiplanar, årsbudsjett, kriseplanar mm. Etne kommune skal minst ein gong kvart år revidera/oppdatere kriseplan og vi skal sjå nærrare på gjennomførte ROS-analysar minst kvart fjerde år. I samband med utarbeiding av nye reguleringsplanar skal det som eit delement gjennomførast aktuelle ROS-analysar. Før det vert gjeve dispensasjonar frå kommuneplanen sin arealdel, som kan utløyse bygging skal det vurderast om det må utførast ROS-analysar for staden.

Kommuneplan 2003-2013

Då det som nemnt over kjem detaljerte ROS-analysar for mange ulike område vil denne analysen ikkje gå i detalj på alle område. Denne analysen vil gjere generelle ROS-betraktingar ut frå kommuneplanen, og dei aspekt som måtte vere aktuelle i denne. Når dei ulike ROS-analysane er ferdige, er det naturleg at desse vert ein del av kommuneplanen ved framtidige revisjonar.

Tiltak i kommuneplanen

Tiltak: I den føregåande kommuneplanen var det omfattande område i kommunen der det var høve til spreidd utbygging, eller utbygging etter plan. Kategorien for spreidd utbygging er i denne planen definert noko annleis, men generelt er det samla arealet for spreidd utbygging mindre no enn før. Det kan likevel vere område der det tidlegare var forbod mot spreidd utbygging der det no er opna for slik utbygging. Til saman opnar planen for om lag 50 bustader og 330 hytter i slike område. I to område er det opna for spreidd utbygging for eit større tal hytter; 50 på Nes - Breivik ved Skånevik og 100 i Kyrkjedalen - Bassurdvatnet i Etnefjellet.

Risiko: Risikoene for slike område kan vere knytt til naturhendingar, forureining eller trafikktryggleik. Særskild kan ein nemne risiko knytt til usikker is om vinteren på vatna ved Kyrkjedalen.

Planen: I retningslinene til planen er det stilt krav om at alle tiltak i områda skal vurderast om det finst risiko for naturhendingar for det enkelte tiltak eller detaljplan før dette vert godkjend i kommunen. Situasjonen knytt til trafikktryggleik vil måtte vurderast i kvar enkelt sak, der ein må sørge for gode avkjørsletilhøve ved eitkvarf tiltak.

Forureining frå tiltak skal ivaretakast etter gjeldande forskrifter, og det er stilt krav i kommuneplanen om utslepp i delar av sjøområda som vil vere styrande for om ein kan bygge i dei ulike områda eller ikkje. Utbygging vil såleis ofte kunne vere incitamentet for at større område får ein betre utsleppssituasjon totalt etter at nye tiltak med andre krav kjem inn. I områda for dei store utbyggingane (Nes og Kyrkjedalen) er det sett eit absolutt krav om reguleringsplan før utbygging skjer. Dette er for å ha ei betre styring for så store prosjekt som planen legg opp til.

Tiltak: Nye industriområde i planen er foreslått på Geitaberget og på Fikse sør for Etne sentrum, i tillegg til ei utviding av området på Leknes i Skånevik. Eit mindre område er også tatt med sør på Osnes, på eit etablert næringsområde. Andre industriområde er inne i allereie vedtekne reguleringsplanar.

Risiko: Risiko for brann, eksplosjon og utslepp vil både vere knytt til sjølve industriområda, men også til transport på veg og sjø til og frå desse. Storleiken til dei eksisterande industriområda gjer at den totale situasjonen på den brann-, eksplosjons-, utslepps- og dermed beredskapsmessige sida i kommunen ikkje vert vesentleg endra etter kommuneplanen.

Planen: Sjølv om ein ikkje finn at den totale situasjonen knytt til beredskap ikkje vert forverra etter den nye planen, må ein vere observant på dei nye områda sør for Etne sentrum. Områda vil måtte tilfredsstille strenge krav til brannvatn og andre beredskapstiltak, samstundes som bygningane sin storleik og bruk vil fordre krav til

andre beredskapstekniske tiltak. På Osnes er området tenkt til eksisterande verksemd som foredlingsbedrift og oppdrett, noko som gjev ein kjend situasjon i høve til kommuneplanen. Ei føremon med desse nye områda er at dei ligg mot Ølen, og at det ved større hendingar er kort reaksjonstid både frå Ølen og Etne. Når det gjeld transport til og frå vil denne gå på dei same vegstrekningane som tidlegare.

Tiltak: Det er lagt ut 6 massetak i kommuneplanen. Massetaka på Ebne, Aksland/Hjelmervik, Sørheim/Austrheim, Øvernes og Fjæra er eksisterande massetak, men både på Øvernes og Ebne er det utvidingar som er så store at det krevst reguleringsplanar for å føre arbeidet vidare. Massetak på Åsheim i Skånevik er nytt.

Risiko: Det er både risiko knytt til drifta og til transport av massane.

Planen: Det vert stilt krav om reguleringsplan for utviding av alle massetaka, og tilhøve knytt til kryss og tilkomstvegar må løysast i desse planane. Med tungtransport inn på vegar med låg standard, er nokre av massetaka potensielle høgrisikomoment. I og med at det stort sett er eksisterande verksemder, utan at dette har vist noko reell auke i uønska hendingar knytt til desse, synest difor risikoen å vere tilfredsstillande låg. For det nye massetaket på Åsheim må ein vurdere vegstandard på vegen ned til R48, og det må ikkje nyttast transportverkty her som overstig denne vegen si toleevne, utan at vegen vert utbetra. Dette kan ivaretakast i reguleringsplanprosessen.

Tiltak: Det er to skytebanar i kommunen som har eksistert i relativt lang tid.

Risiko: Eksplosjonsfaren for dette er lite, men både trafikk, brann og ulukker kan oppstå i samband med eit slikt anlegg.

Planen: Heile tryggleiksområda er teke med i planen som byggeområde, og støysonar rundt anlegga er synt i planen. Dette skulle sikre mot andre tiltak i områda som kan auke risiko for uønska hendingar.

Tiltak: I sjøområda er det område for trålfelt, akvakulturanlegg, småbåthamner, lässetningsplassar, gyteplassar, fleirbruksområde med forbod mot akvakultur og uplanlagde område der ein ikkje har teke stilling til arealbruken. I tillegg syner skipsleda i planen.

Risiko: Det er risiko for ulukker (brann, kollisjonar og drukning) og utslepp som kan vere dei mest nærliggjande risikomoment i sjøområda.

Planen: Det å vise einbruksområde i sjøen vil kunne vere med på å senke risiko for uønska hendingar i seg sjølv. Der det er fleirbruksinteresser kan risikoen vere noko høgare då ulik arealbruk kan foregå på same tid. I uplanlagde område er det synt skipsleier, og dette vil vere ein basis for at tiltak ikkje vert tillate på tvers av dei mest brukte skipsleiene. Samla sett kan ein seie at bruken av sjøområda er nærest land, og det er her vesentleg del av einbruksområda er. Dette kan vere eit risikosenkande moment i seg sjølv.

Tiltak: Av vegomlegging på det overordna vegnettet i kommunen (og regionen) er det Rullestadjuvet og tunnel til Sauda som er konkrete prosjekt i planen. Tunnel mellom Etne og Skånevik og Haukelibanen er også synt i planen, men utan rettsverknad.

Risiko: Generelt er det skjedd mykje dei seinare åra på E134 gjennom kommunen, men mykje gjenstår for å ha ein fullgod stamvegstandard. Dei hittil gjennomførde prosjekta i Åkrafjorden med heving av standarden til veggkamen, og vesentlege strekningar i tunnel vil vri på risikoen for ulike hendingar i kommunen. Høgare standard kan gi færre ulukker, men større andel alvorlege ulukker. Brann i tunnel kan også gje eit vesentleg større omfang enn brann på open veg. Mykje av vegane i kommune og regionen er ras- og skredutsatt. I denne samanheng er tunnelbygging eit førebyggande tiltak, som omtrent ekskluderer dette som ein risiko. Akuttutslepp i samband med ulukker vil også kunne kontrollerast lettare i tunnel, sjølv om denne problemstillinga synest noko marginal. I anleggsfasen for prosjekt som desse kan ein tenkje seg auka risiko for små ulukker, men kombinert med låg fart i denne fasen vil truleg ikkje gje dei alvorlegaste ulukkene.

Planen: Tiltaka i planen vil vere i tråd med risikovurderingane ovanføre. Tunnelar vil erstatte veg med dårlig standard som delvis er rasutsatt. Dette vil truleg minske risikoen for ulukker, men kan føre til fleire alvorlege ulukker. Ein må også ha auka beredskap i området ved auke i samla lengd på tunnelar, der ein har scenarium som vil kunne krevje stor beredskap og/eller teknisk avansert utstyr. Trafikk går over frå veg med høg ras-/skredrisiko, og høg risiko for trafikkulukker til veg med låg ras-/skredrisiko og låg risiko for trafikkulukker. Haukelibanen vil kunne senke risiko for hendingar knytt til vegsystemet, der transporten vert flytt over til bane. Prosjektet er svært usikkert, men vil kunne ha effekt også i kommunen, sjølv om den truleg ville bli svært liten.

Tiltak: Nye byggeområde for bustader er utviding av eksisterande byggefelt rundt Skånevik (Ligrend) og Etne (Kambe-Silde), forutan opning for utviding av eit påbegynt byggefelt ved skulen på Rygg.

Risiko: Bustadfelt produserer i dag mykje personbiltrafikk. Tilhøva knytt til mjuke trafikantar er særsviktige, der avstand til skule, barnehage og handelssentra bør vere så kort som mogleg, med samanhengande god gang-/sykkelvegstandard. Brann i bustadhus gjer også at dei tekniske førebyggjande tiltaka må vere på plass.

Planen: Utviding av byggefelta rundt tettstadene vil vere ”trygge” i høve til at dei bygger vidare på noverande trafikkmönster, i dei områda med best utbygd gang-/sykkelvegssystem, anna teknisk tilrettelegging og generelt moderat avstand til skule/butikk og liknande. For feltet på Rygg er gang-/sykkelveg fråverande inn mot Etne sentrum som er handelssentra. ei føremon til dette området er at det ligg tett inntil barneskule/barnehage. Samstundes er det ei kjensgjerning at det meste av persontrafikken i dag foregår med privatbil sjølv på svært korte strekningar. Likevel er det viktig at det i trafikksikringsplanen for kommunen er høgt prioritert å få realisert g/s - vegprosjekt på strekninga mellom Rygg og Etne sentrum.

Tiltak: Det er tre nye campingplassar i kommunen som syner på plankartet. Delar av næringsområdet på Halvfjordingen kan bli brukt til camping, eit lite areal på Svindal nord for Etnefjorden er framtidig campingareal, og eit nytt større område på Ebne er sett av til slik arealbruk. På Kyrping er det campingplass i allereie godkjend reguleringsplan, og ein ny reguleringsplan for ei lita utviding av denne er under utarbeiding. I Leknesvik i Skånevik, og ved Mo i Etne er det eksisterande campingplassar som ikkje er regulert, men som ligg inne med slik arealbruk i planen. Campinga på Mo er i kommuneplanen lagt inn med ei vesentleg utviding.

Risiko: For campingplassar som ligg nær elvar og sjø vil det kunne være ei viss flaumfare. Brann/eksplosjon, ulukker knytt til trafikk og i sjeldne høve ras/skred kan også vere aktuelle risikomoment å vurdere.

Planen: Av generelle vurderingar er eksplosjon/brann og trafikk dei som generelt kan vere eit problem med campingplassar. Planen stiller plankrav for framtidige campingplassar. Dette gjeld dermed Halvfjordingen, Ebne og utvidinga på Mo. Dette skal sikre at tilkomst-/krysstilhøva vert tilfredsstillande. Kyrping har som nemnt reguleringsplan i dag. Sjølve tilførslivegane kan også i visse høve vere problematiske. Campingplassane som ligg på F34 mellom Etne og Skånevik (Svindal, Ebne og Leknesvik) må nytte F34 som har svært låg standard noko, som kunne føre til auke i talet på ulukker på denne vegen. I dag er dette paradoksalt nok ein ”sikker” veg i Etne. Det er svært lite ulukker på strekninga, og dette talar for at problemet ikkje treng vere så stort. Det er også i dag stor turisttrafikk på denne strekninga, noko som gjer at auken i trafikk og ulukkesrisiko ikkje naudsynleg vert så stor. Sjølv om vegen er trygg reint objektivt, så er det ein sterk kjensle av utryggleik av innbyggjarane i kommunen. Leknesvik, Ebne og Kyrping synest lite problematiske knytt til flaum og skred/ras. På Halvfjordingen er noko av området utsett for flaum av Dalelva, men ei føresetnad for å nytte dette området er oppfylling til flaumsikkert nivå i samband med realiseringa av ny veg gjennom Rullestadjuvet (E134). På Svindal er det registrert eit ”potensiale” for skred-/rasfare, og dette området må difor detaljkartleggjast for slik risiko før utbygging. Området har eit plankrav for tiltak kan setjast i verk, og i denne prosessen må kartlegginga skje. I samband med utviding på Mo må ein gjere eit grundig arbeid med førebyggande tiltak for å hindre framtidig flaum i området. Dette må innarbeidast i reguleringsplanen, og må byggje på at flaumkartlegginga (og erfaring) syner at området er flaumfarleg i eit 10-års perspektiv.

Tematiske risikovurderingar

Dei fleste typar skade vil vere uavhengige av vala tekne i kommuneplanen sin arealdel, medan andre risikomoment i høg grad kan vere påverka av denne. I mange høve vil det vere mest føremålstenleg at det er på eit meir detaljert nivå (reguleringsplan eller byggjesak) at risiko vert utgreidd og klarlagt. Beredskapssida må ein derimot arbeide med på eit overordna nivå ut frå risikoomfanget i kommunen samla sett.

Naturskade

1. **Vind:** Kommunen ligg såpass langt inne i landet at dei store orkanane ikkje gjer dei store skadane på bygningar i kommunen. Topografien, med fjell og smale dalar, gjer at kastevindar i dalane (kallduft/dalavind ”frå aust/fjellet”) har gjort skade på bygningar ved enkelte høve. Det vil også ved sterk vind vere noko skade på skog, utan at dette er rapportert som noko vesentleg problem i kommunen. Denne risikoen er vanskeleg å plassere reint geografisk i kommunen sjølv om Kyrping og Etnesjøen har vore utsett for kastevindane. Nøkkelen til å løyse dette som eit tryggleiksproblem er at ein dimensjonerer bygningane til å tolle slike hendingar. Ved opning for fleire hytter i fjellet er det viktig at dimensjoneringa av desse tek omsyn til at klimaet her kan vere hardt. Dei må tolle dei vindtilhøva som kan vere på fjellet om vinteren, og dette må naturleg løysast i byggesak/reguleringsplan.
2. **Flaum:** Det er under sluttføring ein flaumanalyse for nedre del av Etneelva. Det er i dette området det ved flaum kan skje størst skade i kommunen. Flaum i andre elvar, og stormflo ved sjøen kan gje enkelte skader, men det er viktig at ein ved byggjesakshandsaminga tek omsyn til slike tilhøve, slik at bustadhús ikkje vert plassert for nær flaumelver, eller for lågt nær sjøen. I reguleringsplanar må ein vurdere desse risikoane nøyne, slik at ein ikkje godkjener tiltak i område i framtida gjev skade. Dette må ein også gjere innanføre kvart område som kommuneplanen opnar for ulike tiltak i. I nedre del av Etneelva er vesentlege delar av det området som er utsett for flaum i eit 100-500 års perspektiv under planlegging. Dette arealet er i kommuneplanen sett av som område som skal regulerast, og kommuneplanen har såleis ikkje rettsverknad. Det er noko bygggeområde (eksisterande) i kommuneplanen som ligg i allereie godkjende reguleringsplanar, og noko av dette har hatt skade ved flaum (1983). Elles ligg campingplassen i Etne (Mo) i eit område som er utsett for flaum (i eit 10-års perspektiv). Denne er foreslått utvida, men tiltaka på staden er vesentleg av lettare karakter som får mindre skade av ein flaum, samstundes som faren for skade på liv og helse skulle vere liten.
3. **Ras/Skred:** Etne kommune har ein topografi som tilseier at mange stader i kommunen er utsette for ras og skred. Det er tilfelle der bygg har blitt øydelagt som følgje av slike naturtilhøve, men mest vanleg er nok kombinasjon skred/ras og trafikk. Det er registrert ei dødsulukke i samband med skred dei siste 15 åra, men dette var på den gamle ”Åkrafjordvegen”. No når vegstandarden er betra og lange strekningar ligg i tunnel, vil risikoen for slike hendingar minke vesentleg. Gjennom vegarbeidet i Åkrafjorden har ein del stader blitt sikra mot ras, og i den sørlege delen av kommunen (sør for Kyrping) har NGI gjort eit kartleggingsarbeid, der lågareliggjande areal med potensiale for ras-/skredfare er registrert. Innanføre desse areala må ein i kvar enkelt tilfelle kartleggje den verkelege ras-/skredfare i kvart enkelt tilhøve i samband med deling-/byggjesak eller detaljplanlegging av eit område. Det er det stilt krav om slik detaljkartlegging i kommuneplanen sine retningsliner. Konsekvensen av skade i eit slikt område utan føregående detaljkartlegging kan vere erstatningsansvar for kommunen.

Forureining

1. **Drikkevatn:** Det at kommuneplanen no syner nedbørdfelta til allereie etablerte drikkevasskjelder er i seg sjølv ei sikring av areala rundt desse. Dette gjeld Mortveit, Skånevik, Kambe, Støle, Teigland, Fjæra og Rullestad. I tillegg er nedbørdfeltet rundt Høylandsvatnet sør i kommune merka av som framtidig vasskjelde. Dette er ei vasskjelde som er tenkt nytta i framtida for heile Etnesjøen og området rundt. Denne kjelda har eit lite nedslagsfelt, og vil difor ha lett kontrollerbare tilhøve knytt til forureining.
2. **Grunn:** Det er registrert nokre potensielle forureiningskjelder i kommunen av SFT. Desse er gamle avfallsanlegg på Vannes og Milja ved Skånevik og på Bjørgo vest for Etne. Elles er det registrert DDT-haldig jordsmonn ved den nedlagde planteskulen i Etne, og potensielt utslepp av PAH frå Nodest på industriområdet på Tongane ved Etne. Ingen av desse områda har nokon særskild kategori i kommuneplanen. Frå dei gamle avfallsplassane ser ein det som mindre risiko for alvorlege utslepp, men dei to andre lokalitetane kan ha noko å seie for kvaliteten i Etnefjorden, der både PAH og DDT-utslepp kan vere uheldige. Dei områda som viser i kommuneplanen som framtidige industriområde ved Etne vil også kunne ha potensiale for utslepp av ulike typar miljøgifter, men dagens krav til etablering av slike må sikre mot slike utslepp. Generelt må ein stille ekstra strenge krav til utslepp frå desse områda, då det naturlege dreneringsområdet til desse er Osvågen og Etnefjorden som er lukka fjordsystem med liten utskifting.
3. **Luft:** Det er ikkje registrert spesielle utslepp i Etne utover det ein må rekne med i ein slik kommune. Dei utsleppa som kan vere, vil vere knytt til industriområda i kommunen og må stette dei krav som til ei kvar tid blir stilt til dei ulike verksemndene.
4. **Radon:** Det er tidlegare gjort målingar for å grovt kartleggje radon førekommstar i kommunen. Dette prosjektet fann så låg nivå at det ikkje vart gjort noko vidare undersøkingar. Det er no under utarbeiding ei studentoppgåve som mäter radon i Skåneviksområdet, noko som vil gje ei meir detaljert oversikt over denne delen av kommunen. Dette kan få konsekvensar for utforminga av kommuneplanen i framtida, men til no er det liten grunn til å tru at radon er eit problem i Etne generelt. Skulle det vise seg at det er enkelte stader dette er eit problem må ein både gjennomføre tiltak for å utbetre dei aktuelle bygga, men også førebyggje ved å vurdere dette ved nye utbyggingsområde i kommuneplanen.
5. **Trafikk:** Det foregår frakt av miljøskadelege stoff langs vegane. Særskild gjeld dette gjennomfartsvegane E134 og R48, samt den framtidige R520 mot Sauda. Det er viktig å ha beredskap for å takle utslepp i samband med ulukker, og det kan vere eit viktig poeng at vesentlege delar av desse vegane går i verna vassdrag, med Etneelva som eit nasjonalt laksevassdrag. Planen i seg sjølv aukar likevel ikkje denne risiko i planen.

Infrastruktur

1. **Sjø:** I sjøen er det sett av nokre trafikkområde i kommuneplanen. Saman med at reguleringsplanane har sett av trafikkområde ved dei områda dette er mest aktuelt, og at kommuneplanen syner dei viktigaste skipsleiene, vil planen klargjere ferdslesituasjonen i sjø, slik at tryggleiken ver best mogleg. I framtida kan ein sjå føre seg at kystverket i staden for vase skipsleier ynskjer bestemte korridorar for hovudferdsle i sjøen, slik at dette vert eit konkret areal. Dette kan nok ytterlegare avklare konfliktar mellom ferdsla og andre interesser i sjøen. Samstundes viser akvakulturanlegg i planen slik at det er klart kvar slike hinder for båttrafikken ligg. Det er ikkje i kommuneplanen lagt opp til noko utviding av hamneområde, og det meste av slike område ligg inne i allereie regulerte område.
2. **Kraftliner:** Elektromagnetisk stråling frå kraftliner har vore eit diskusjonstema med omsyn til om det er skadeleg for helsa. Dei største høgspentlinene i Etne ligg i område med generelt låg tettleik av bustader. Ei eksisterande kraftline går gjennom eit framtidig byggeområde på Rygg, men denne skal leggast ned om lag år 2007. Kraftliner er også eit risikomoment når det gjeld luftfart, og i Åkrafjorden kan det vere eit risikomoment knytt til båttrafikk. Det er idear om å få cruiseskip inn i Åkrafjorden, men luftspenna over fjorden kan vere eit hinder for dette. Når det gjeld risiko for luftfart er dette lite kommunen kan påverke, men det har vore eit auka fokus for å registrere alle luftspenn på kraftliner i terrenget, slik at desse er tilgjengelege for flygande.
3. **Vegar:** Det har vore ein vesentleg standardauke på stamvegen (E134) gjennom kommunen dei siste 15 åra, der det i dag er ny veg langs heile Åkrafjorden. Nye vegar i Rullestadjuvet mot Odda, og frå Frette mot Sauda er lagt inn i planen som nye vegprosjekt. Desse ligg inne i vedtekne planar for vegutbygging (Nasjonal transportplan og fylkesdelplan for Ryfylke). Også Haukelibanen og ny tunnel Etne - Skånevik ligg inne i planen som framtidige ynskje, men har ikkje noko plass i vegplanar for finansiering. Konsekvensen av vegutbetringane som har vore er enno vanskelege å måle med omsyn til talet på ulukker. Statistisk er ein liten kommune vanskeleg å måle då dei totale ulukkestala er små. Ut frå generelle undersøkingar kan me likevel seie at talet på ulukker bør bli redusert med den auka vegstandarden. Trass dette kan me forvente at talet på alvorlege ulukker vert det same eller stig. Dette skuldast høgare fart, og dermed større omfang av dei ulukkene som skjer. Det at det er mykje tunnelar i kommunen gjev generelt eit lågare tal ulukker enn open veg. Auka tunnellengd gjev likevel auka trøng for brannberedskap, som ved tunnelbrannar treng spesialkompetanse og spesialisert utstyr. Både for å kunne komme på rett side av ei hending i tunnelen, og for å avvikle trafikken er det viktig at dei gamle vegane vert oppretthalde med ein slik standard at dei kan fungere som omkjøringsvegar raskast mogleg.

Hendingar

1. **Brann:** Kommunen har brannmannskap i Etne og Skånevik, i tillegg rykkjer Odda og Ølen ,og eventuelt Haugesund, ut om brannen er nær desse kommunane, eller om omfanget av brannen er stort. Felles brannførebyggjande stilling med Vindafjord og Ølen, med feieteneste. Som tidlegare vil sjansen for brann i tunnel auke etterkvar som total lengd på tunnelane i kommunen aukar. Dette krev kompetanse og utstyr, og er naturleg å sjå på i samarbeid med nabokommunane Odda og Sauda. Ein har no plassert ein vasståkebil i Skånevik med omsyn til tunnelbrannar i kommunen. Det har vore ei vanskeleg problemstilling å løyse kven som skal finansiere slikt spesialutstyr og kostnaden med auka beredskap og krav til auka kompetanse. Kommunane meiner Staten(s Vegvesen) har ansvaret, medan desse på si side peikar på kommunane sitt krav til brannberedskap. Denne problemstillinga er viktig å løyse for å få ei tilfredsstillende løysing knytt til tunnelbrannar. Kommuneplanen syner nye industriområde sør for Etne. Desse er viktige å ta med i planlegginga av førebyggande tiltak også knytt til brann.
2. **Eksplosjon:** Det er hendingar knytt til veg og industrietableringar som vil vere dei mest nærliggjande årsakene til eksplosjonar. Ferjetrafikken frå Skånevik er ein risiko i så måte, men ein må stole på at ferjeselskapet driv etter trygge retningsliner. Trafikk med slik risiko vil i det vesentlege trafikkere E134 og R48, i tillegg til den framtidige R520 til Sauda. Dette er vegar som for det meste går gjennom område med lite bustadhus. Dei to kritiske partia er Etne og Skånevik sentrum der vegane går gjennom tettbygd område. Dette går det an å ta omsyn til ved framtidige vegplanar, men er nok ein risiko ein må leve med til ein viss grad. Kommuneplanen gjev ikkje i seg sjølv noko auka risiko, og det er lite nye byggeområde langs desse vegane. Industriområda sør for Etne vil potensielt kunne vere risikoområde knytt til eksplosjon, men dette er viktig å fange opp i konsesjonshandsaming, og ved andre krav til opprettinga av tiltaka. Desse industriområda representerer ei vesentleg forbetring i høve til området på Tongane som er mykje nærmare bustadområde. Det er likevel viktig at ein ikkje plasserer arealbruk som kan generere transport av slik type utanfor desse vegane. I denne kommuneplanen er dei nye industriområda plassert med god avstand til eksisterande bustadområde noko som skulle gi ein lågare risiko for skade på liv og helse etter eksplosjon.
3. **Båtulukker:** Det er moderate mengder skipstransport i sjøområda i Etne, men ein del trafikk knytt til industriområdet på Tongane i Etne i tillegg til auke i slik trafikk ved eventuelle større prosjekt (Åkrafjordvegen og liknande). Småbåttrafikken er det blitt mykje av også i Etne med tida, og særskild i samband med festivalar som Skånevik bluesfestival og Etnemarknaden kan trafikken vere stor. Det er ikkje rapportert mange ulukker, men beredskapen når det gjeld dette må vere til stades til ei kvar tid. Det er lite aktuelt at tiltak i arealdelen vil verke negativt inn på denne risikoen. Tvert i mot bør defineringar av hinder i sjøen (akvakulturanlegg), trafikkområde og skipsleier vere førebyggande for å hindre ulukker. Mindre ulukker av denne typen vil den lokale beredskap takle, og ved større hendingar vil nok den lokale innsatsen vere ein viktig førsteinnsats. Det vil

likevel alltid måtte komme inn regionale beredskapsledd ved slike store hendingar.

4. **Flyulukker:** Det går flyruter over kommunen som i teorien kan føre til uønskt hendingar i Etne, og også uhell med småfly vil kunne vere ein risiko. Mindre ulukker av denne typen vil den lokale beredskap takle, og ved større hendingar vil nok den lokale innsatsen vere ein viktig førsteinnsats. Det vil likevel alltid måtte komme inn regionale beredskapsledd ved slike store hendingar. Ein kan ikkje sjå at arealdelen kan påverke denne typen hendingar.
5. **Trafikkulukker:** Det er under utarbeiding ein trafikksikringsplan som tek føre seg både førebyggjande tiltak, og planlegg nye tiltak for å redusere denne risikoen. Talet på ulukker er jamt stort, men det er likevel ikkje årleg det går liv tapt. Vegstandarden på vegane i kommunen er generelt låg, sjølv om ein vesentleg del av E134 no er av god standard. Dette gjer at det vert mange mindre ulukker som utforkjøring/møteulukker i låg fart, med liten risiko for vesentleg skade på liv og helse. Med aukande standard kan ein rekne med at talet på desse mindre omfattande ulukkene vert redusert. Talet på liv som går tapt i trafikken kan ein likevel rekne med blir stabilt eller aukar, ut frå at auka vegstandard gjev høgare fart, og dermed større omfang av dei ulukkene som skjer.

FYLKESPLANAR

Fylkesplan for Hordaland

Bruk og vern av areal-, miljø-, og naturressursar:

Etne kommune har freista innarbeide dei fylkespolitiske retningslinjene i kommuneplanen. Målet vert at ein skal kunne etablere ny næringsverksemd, og utvikle eksisterande byggeområde, men på ein slik måte at ein tek omsyn til verdifulle natur-, frilufts-, kultur- og landbruksverdiar.

Sentrumsutvikling:

Sjå eigen omtal under kommunedelplan for sentrumstruktur og lokalisering av service og handel (s 3).

Transport:

Etne kommune har freista innarbeide dei fylkespolitiske retningslinjene for transport ved utforminga av kommuneplanen. Kommunen ynskjer å satse på kollektiv sjøtransport, med Skånevik som utgangspunkt. Tunnel Etne- Skånevik vil då vere eit viktig tiltak for å styrke denne posisjonen, og nærliken til resten av det indre Haugalandet. For Etne kommune er satsinga på E134 både austover og særskild vestover viktig for å betre knytte kommunen til Haugesund sin bu- og arbeidsregion. Prinsippet om at alle i fylket skal komme seg til Bergen raskast mogeleg er også eit viktig moment for at Etne skal ha kortast mogleg veg til Bergen som vestlandets hovudstad. Kombinert med tunnel frå Sauda vil tunnel Etne- Skånevik også vere ein viktig del av ein ”indre stamveg”. Ein er også positiv til å utvikle sentrumsområda i Skånevik og Etne for bustadutvikling for å redusere transporttronjen. Når det gjeld kollektivtransport vil det vere viktig for kommunen å få flest mogleg gjennomgåande ruter. Både aust-vest og nord-sør. Gjennom dette får også lokalbefolkninga eit best mogleg tilbod. Når det gjeld trafikktryggleik har Etne kommune under utarbeiding ein trafikksikringsplan for kommunen. Det er viktig at ein arbeider med å gjennomføre tiltaka i denne, og at den blir revidert ofte nok, til å ta opp i seg nye tiltak som er naudsynte for tryggleiken i trafikken. Ein er særskild nøgd med fylkeskommunen sitt fokus på at alle skulevegar har gang/sykkelveg. Ein er positive til at fylkeskommunen kan fungere som ein samordnar i trafikk relaterte saker, og eit talerøyr for kommunen. Det er då viktig at kommunen vert høyrd og at det ikkje vert stor forskjell mellom det lokale og regionale nivå.

Kunnskap:

Gjennom sine kulturhistoriske verdiar, og naturtilhøve har Etne kommune vore gjenstand for mange vitskaplege utgreiingar, og er nytt som lokalitet for ekskursjonar i opplæring for alt frå yngre elevar til høgskulenivå. Gjennom omfattande utgreiingar i samband med kraftutbygging, og verneplanar har Etne kommune bidrige for å auke kunnskapen om desse tilhøva, og har freista spreie denne kunnskapen vidare. Samarbeid med slike institusjonar vil også i framtida vere ei moglegheit både til å få og gi kunnskap om Etne.

Fylkesdelplanar:

Sentrumstruktur og lokalisering av service og handel:

Fylkespolitiske retningslinjer: Tilsvarande dei RPB som har vore. Kjøpesenter større enn 3000 m² må gjevast løyve av fylkesmannen. Kommunen ynskjer i utgangspunktet at ein i Etne sentrum skal kunne etablere kjøpesenter med denne storleiken, så sant grunnlaget hovudsakleg er eksisterande verksemد og ikkje nyetableringar. Etne kommune ser det særskilt viktig at tettstadene Skånevik og Etne får utvikle seg vidare.

I Skånevik bør utviklinga skje på dei premissane som bygningsmiljø og Skånevik sitt omdøme som reiselivsmål set. Dette gjer at det i sjølve sentrumsområdet må setjast strenge krav til byggeskikk. I randområda er det like viktig å opne for ny utbygging i moderne standar for å gje Skånevik eit utviklings- og eksistensgrunnlag for framtida. Ein har difor ynskje om å opne for ny utbygging også i landbruksområde nær sentrum.

Etne sentrum har utviklingspotensial som bu og handelssenter for kommunen. Det er då viktig å få ei samla og framtidsretta struktur på sentrum, slik at dette kan skje. Ei slik utvikling avheng av at ein får flest mogleg busett næraast mogleg sentrum, og at det vert mogleg å utvide forretnings- areala i framtida. Konfliktpotensialet for Etne er at vidare utviding av sjølve sentrum må skje på dyrka mark. Det er då viktig at ein kan få forståing for at dyrka mark rundt sentrum må ofrast for at denne utviklinga skal kunne skje. Lokalt må ein då vere førebudd på at det er her utviklinga skjer og ikkje la etableringar spreie seg for mykje, der det ikkje er ynskjeleg. Det er likevel tradisjon for å bygge spreidd i Etne, slik at det også må vere ei viss opning for enkeltståande hustomter i krinsane.

Kystsona:

Ein vonar denne kommuneplanen tek stilling til arealbruk og ulike interesser i strandsona på ein god måte. Tema som er aktuelle i strandsona vil med fordel kunne utgreiast vidare. Til det føreligg undersøkingar og planprodukt for desse ulike tema er det likevel viktig at denne kommuneplanen er tilstrekkeleg som eit forvaltingsverktøy, og dette er målsetjinga med det produktet som ligg føre.

Biologisk mangfald: Kommunen har i planen freista sikre fleire område som har regional eller lokal verdi som nøkkelbiotopar. Arbeider vidare med ei kartlegging og ein er førebudd på å i framtida ta inn fleire område når kunnskapsnivået er høgt nok, og areal konfliktar tilseier at dette er naudsynt.

Når det gjelder recipienttilhøva vil kommunen ha strenge krav for reinsing både av utslepp frå framtidige etableringar og eksisterande bygg. Samsvarande med føresegner til PBL. Når det gjeld Osvågen i Etnefjorden, som er ein særskild belasta recipient, så er det arbeid med å kople vesentlege deler av denne busettinga inn på det kommunale nettet for sentrum.

Landskap og kultur: I Etne Kommune har ein mykje verdifullt naturlandskap og kulturmiljø. Kunnskapen om desse er god, men det må vere ei målsetjing å systematisere denne kunnskapen, og formalisert og vekte vernet av dei mest verdifulle områda i temaplan eller rapportar. Det er vanskeleg å sjå at ein i dag har kunnskap nok til å gjer fleire val i planen enn det som no er foreslege. Ein har teke med dei områda ein er kjend med i dag, men ynskjer også å ta med generelle formuleringar i planen for å sikre dei interessene som finst innan dette fagområdet. I Etne finn ein det ikkje føremålstenleg å lage føresegner til planen som hindrar inngrep generelt 100 meter frå automatisk freda kulturminne. Etne kommune har så mange kulturminne i tettbygd område, at dette vil vere lite føremålstenleg, men ein høyringsrunde til kulturstyresmaktene kan vere det rette i slike saker. Det er likevel positivt å i framtida kunne utarbeide temaplan også for kultur, der ein kan gå meir detaljert til verks, og verne område med ulike typar kulturminne der ein for somme kulturminne kan setje avstandskrav. I planen må det vere presisert at undersøkingsplikta etter kulturminnelova må tilfredsstilla ved eit kvart høve.

Friluftsliv: Kommuneplanen legg inn dei friluftsområda i planen som er viktige i dag. I samband med desse er det lagt inn vesentleg sjøareal i kommunen der eksisterande bruk av areala til akvakultur ikkje er tillate, noko som er det mest vanlege hinderet for friluftsinteressene på sjø.

Fiskeri: I samarbeid med fiskeristyresmaktene er fiskeinteressene i kommunen lagt inn i kommuneplanen for å sikre desse. I Etne gjeld dette låssettingsplass, trålfelt og gytefelt.

Havbruk: Planen er utforma for å gje plass til fleire lokalitetar for oppdrett. Ein er også opne for utvida bruk av dei eksisterande. Slike saker vil likevel bli teke stilling til i kvar enkelt sak. Samstundes har planen hindra slik arealbruk der dette vil vere ei større konflikt med andre vesentlege interesser. Potensialet for nye oppdrettsanlegg i kommunen er likevel store.

Samferdsle: Det er lite aktuelle problemstillingar knytt til samferdsel i kystsona. Hamneområde i kommunen sine tettstader er regulert i reguleringsplanen, kommuneplanen sikra skipsleiene ved å vise desse i planen. Ein ynskjer å arbeide vidare med tunnel Etne-Skånevik m.a. som eit ledd i å styrke grunnlaget for båttrafikk til/frå Skånevik mot resten av Sunnhordland.

Totalforsvaret: Etne kommune har vore i kontakt med forsvaret i utarbeidingsa av kommuneplanen. Forsvaret har i dag lite eller ingen konkrete interesseområde i kommunen som krev særskilde tiltak i planen.

Skjelsandressursar: Etne kommune er mindre aktuelt som uttaksområde for skjelsand. I fleirbruksområde i kommunen vil dette likevel kunne etablerast om det skulle vise seg å vere aktuelt. Kvar sak må då handsamast for seg, der kommuneplanen må vere grunnlaget for å vurdere andre interesser i saka.

Fylkesdelplan Energi:

I Etne kommune er det planar for omlegging av kraftoverføringer. Desse er handsama i konsesjonssaker, der omsyn til andre interesser er ivareteke. Sjølv arbeidet med å bygge kraftlinene er enno ikkje påbegynt, og difor syner planen både eksisterande trase og planlagd trase. Eksisterande trase skal difor ikkje gjelde etter at denne kraftlinje er fjerna. Det er aktuelt med etableringar av fleire små-, mini-, og mikrokraftverk i kommunen dei kommande åra. Kommuneplanen har ferista syne dei anlegga som det er planar om, for å syne desse i planprosessen. Ein vil også vere positive til ytterlegare anlegg i LNF-område i kommunen etter gjeldande konsesjonsreglar, og PBL. I samband med slike etableringar skal ein alltid ta omsyn til natur- og kulturverdiar ved plassering og utforming.

Fylkesdelplan for kulturminne:

Etne kommune har mange kulturminne. Mellom desse er viktige kulturminne av nasjonal verdi. Kommunen sjølv har gode kunnskapar om kulturminna sine, sjølv om ein bør vurdere å senda denne informasjonen i ein eigen kommunedelplan for kulturminne ein gong i framtida. Dei automatisk freda kulturminna ein kjenner til i dag, er avmerkt på plankartet, og ein ynskjer å ta vare på desse for framtida. Ein arbeider også med prosjektet for å profilere kulturhistoria til Etne, ved å informere og tilrettelegge for ferdsle rundt desse kulturminna.

REGLAR FOR AREALFORVALTNINGA

INNLEIING

Til arealdelen for kommuneplanen i Etne kommune hører eit plankart, og desse ”reglane” for arealforvaltninga. Dei ulike kategoriane av område skal her få bindande føresegner, men også retningsliner, som har mindre juridisk tyngd. Retningslinene er noko som er nyttig for å gje signal om kva politikk ein vil føre i kommunen, og er mest av alt rettleiande for dei viktige som skal gjerast i kommunen etter at planen er vedteken.

Om ein ynskjer å gjennomføre tiltak som ikkje samsvarar med Føresegna i framtidige enkeltsaker, må ein gjere dette anten gjennom dispensasjonar frå planen, eller etter regulering av området etter kapittel VII i Plan- og Bygningslova (PBL). Utstrekta bruk av dispensasjonar kan vere med på å øydelegge respekten for planen, og bør nyttast i få saker. Det er likevel ikkje unaturleg med ei viss mengd dispensasjonssaker der reglane slår uheldig ut i høve til intensjonen med planen. PBL og føresegner til lova set kriteria for godkjenning av dispensasjonssaker. Hovudsakleg bør alle endringar i arealpolitikk komme gjennom revisjon av kommuneplanen.

I reglane er føresegner som er heimla i PBL uteha i eigne boksar, og det er synt til heimelen. Dette for å skilje dei frå retningslinene til planen, som ikkje er juridisk bindande.

I PBL er det føresett at kommuneplanen skal rullerast ein gong per valperiode, altså kvart 4 år. Dette er svært viktig for å få ein aktiv kommuneplan som tek med seg endringar i tida. Ein vil då få ein kommuneplan som er styrande, og som innbyggjarane kan ”stole på”.

Reglane for arealbruken skal vere eintydige og gje ei fornuftig forvaltning av areala i kommunen. Dei skal opne for ny utbygging i kommunen, og samstundes sikre sentrale verneverdiar knytt til natur, kulturhistorie, landskap og ålmenta sine interesser. Reglane skal gje minst mogleg trøng for dispensasjonssaker, og er difor detaljerte.

GENERELLE REGLAR (PBL §20-4)

Føresegner:

1. Område sett av som regulerte, eller til framtidig regulering i plankartet har ikke rettsverknad i denne planen (PBL §20-4, 2.ledd bokstav h).

Retningsliner:

1. Tiltak innanføre verneverdige sjøbruksmiljø i kommunen må sendast til høyring til kulturvernsmaktene.
2. Før tiltak etter §§ 81, 86A og 93 i PBL kan gjennomførast må utgreiingsplikta etter kulturminnelova vere tilfredsstilt. Dette gjeld ikkje i regulerte område, eller område frigjeve etter kulturminnelova tidlegare. Alle tiltak nærmare enn 100 meter frå automatisk freda kulturminne krev godkjenning frå kulturvernsmaktene.

BYGGJEOMRÅDE (PBL §20-4, 1.ledd, nr. 1)

Føresegner:

1. Tiltak etter §§ 81, 86A og 93 i PBL i framtidige byggjeområde kan berre gjennomførast etter at det er godkjend reguleringsplan (PBL §20-4, 2.ledd bokstav a).
2. I byggjeområde skal det ikkje frå nokon bustad vere meir enn 200 meter til nærmaste friområde/leikeplass. Det er dei områda som er best eigna til leik som skal nyttast til dette (PBL §20-4, 2.ledd bokstav b).
3. Før tiltak etter §§ 81, 86A og 93 i PBL kan gjennomførast skal tilfredsstillande ordningar for elektrisitetsforsyning, kloakk, vatn og veggtilkomst vere dokumenterte (PBL §20-4, 2.ledd bokstav b).
4. I byggjeområda rundt Etne og Skånevik skal ein krevje minimum 2 bueiningar per da nytt areal. Dette gjeld byggjeområda som grensar til regulerte område i Etne og Skånevik sentrum (PBL §20-4, 2.ledd bokstav b).

Retningsliner:

1. I byggjeområde bør ein ha størst mogleg tal på eininger med livsløpsstandard.
2. Tiltak i eksisterande byggjeområde skal kunne finne stad, så lenge tiltaket tilfredsstiller retningsliner for spreidd utbygging .
3. I Kyrkjedalen skal ein i reguleringsplanprosessen særskild vurdere plassering av hytter i høve til istilhøva og ferdsla på regulerte vatn i området.
4. I Industriområde på Leknes skal ein i utforminga av reguleringsplanen vurdere omsyn til frilufts-, natur-, kultur- og landbruksinteressene i området.
5. For byggjeområde mot sjø og hovudstrengen i vassdrag, skal det gjennomførast analyse av funksjonell strandsone i samband med reguleringsarbeidet.

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE

(PBL §20-4, 1. ledd, nr. 2)

Følgjande retningsliner til LNF-område ("nei"- område), skal gi kommunen høve til å vedta dispensasjon etter PBL i små saker, utan høyringsprosess. Kommunen vil også i ein skilde høve væra positiv til søknader om dispensasjon i lys av busetnadstradisjonen i Etne som tilseier ei viss grad av spreidd utbygging.

Retningsliner:

1. Tiltak etter §§ 86A og 93 i PBL, unntake § 93 pkt. h (frådeling), kan gjennomførast på eksisterande tomter, bebygd med bustad eller fritidsbustad i kommunen, som er frådelt til slik føremål. Dette gjeld likevel ikkje oppretting av nye einingar for varig opphold på slike tomter. Tiltak på desse eksisterande einingane skal også tilfredsstille dei krav som er sett til spreidd utbygging i kommunen etter PBL §20-4, 2. ledd, bokstav c, så lenge området ikkje er del av godkjend reguleringsplan.
2. Tiltak etter §§ 86A og 93 i PBL, unntake § 93 pkt. h (frådeling), kan gjennomførast på eksisterande naust i kommunen. Ved tiltak i samband med eksisterande naust skal tiltaket ikkje ytterlegare hindre ferdsle framom og bak bygget utover dagens allereie godkjende situasjon. I prinsippet skal det vere mogleg med ålmenn ferdsle forbi naust i strandsona.
3. Løyve for kraftverk i LNF-område skal vurderast etter gjeldande lovverk. Anlegga skal plasserast og utformast slik at konsekvensane for landbruks-, natur- og friluftsinteressene ikkje vert store.
4. I LNF-område merkt av som potensielle framtidige massetak er det ikkje tillate å gjennomføre tiltak som bygger ned ressursen, eller på andre måtar vanskeleggjer uttak av massane i framtida. Dette gjeld ikkje utviding av eksisterande landbruksbygg.
5. Det er byggeforbod i 100-meter frå hovudstrengane i alle vassdrag i LNF-områda i kommunen. Dette gjeld ikkje bygg som har si naturlege plassering her, som naust, brønn og liknande.

LNF - SPREIDD BUSTAD/HYTTEBYGGING TILLATE

(PBL §20-4, 2. ledd, bokstav c)

Sjølv om ein skal freiste få ein stor del av nye etableringar i kommunen i sentrumsområda skal ein også bygge vidare på tradisjonen i Etne som tilseier ei viss grad av spreidd utbygging.

Føresegner:

1. Område opna for spreidd bustad/hyttebygging er avgrensa i plankartet, og plankartet angjev omfanget av utbygging tillate i planperioden (PBL §20-4, 2.ledd bokstav c).
2. Det er generelt bygge- og delingsforbod i 50-metersbeltet mot sjø og hovudstrengane i vassdrag for tiltak som ikkje er del av stadbunden næring, så lenge arealet ikkje er del av godkjend reguleringsplan (PBL §20-4, 2.ledd bokstav c).
3. Før tiltak etter §§ 81, 86A og 93 i PBL kan gjennomførast skal tilhøve knytt til fare for flaum, ras, skred og anna fare i området avklarast. Ingen tiltak kan gjennomførast i område avsett av NGI (Norges Geotekniske Institutt) som potensielt fareområde for ras og skred, før det er gjort ei fagleg analyse av tiltaket, som syner risikoomfang og eventuelle avbøtande tiltak (PBL §20-4, 2.ledd bokstav c).
4. Før tiltak etter §§ 81, 86A og 93 i PBL kan gjennomførast skal tilfredsstillande ordningar for elektrisitetsforsyning, kloakk, vatn, vegtilkomst og eventuell støyskjerming vere dokumenterte (PBL §20-4, 2.ledd bokstav c).
5. Tiltak som fører til ein konsentrasjon på meir enn 5 eininger for varig opphold samla, utløyer krav om godkjend utbyggingsplan. Det skal då også opparbeidast leikeområde/friområde for born (PBL §20-4, 2.ledd bokstav c).
6. Det er dei områda som er best eigna til leik som skal nyttast til slik arealbruk (PBL §20-4, 2.ledd bokstav c).
7. Alle bygningar skal førast opp med saltak, om ikkje anna takutforming kan forsvarast ut frå at bygget har høg arkitektonisk verdi (PBL §20-4, 2.ledd bokstav c).
8. På kvar frittliggjande tomt skal det vere minimum 200 m² uteareal utan bygningar. Maksimal utnytting for bustad- og hyttetomtene skal vere 50% bebygd areal (PBL §20-4, 2.ledd bokstav d).
9. Det er ikkje tillate å bygge/dele frå på dyrka mark, og dyrkbar mark skal skånest frå utbygging i størst mogleg grad. Nye tiltak skal ikkje punktere jordbruks- eller kulturlandslandskapet og skal plasserast slik at arronderinga til landbruks-eigedomane ikkje blir därlegare enn før tiltaket (PBL §20-4, 2.ledd bokstav c).
10. Plassering av bygg/tomter for varig opphold skal ikkje hindre tilkomsten for landbruksdrifta eller føre til auka ferdsl gjennom gardstun. Frådeling av tomter skal heller ikkje tillatast nærmere tidsmessig driftsbygning enn 100 meter (PBL §20-4, 2.ledd bokstav c).
11. Ingen tiltak skal gjennomførast slik at dei gjer skade på nasjonale eller regionale naturverdiar. Dette gjeld område som er synt direkte i plankartet, område verna etter naturvernlova/viltlova eller område med verdifulle kulturlandskap, viltområde eller viktige område for biologisk mangfold (PBL §20-4, 2.ledd bokstav c).

Retningslinjer:

1. Plankartet gjev talet på nye hytte- eller bustadeiningar som er tillate i kvart område i planperioden. Frådeling av eksisterande bygg vert rekna som ei ny eining. Bygging av hytte- eller bustadeining utan frådeling tel også som ei ny

- eining. Tiltak som vert tillate etter retningslinene for LNF-område (PBL §20-4, 1. ledd, nr. 2) tel ikkje som ei ny eining.
2. Ved etablering av nye bygg/tomter for varig opphold skal eventuelle konfliktar som kan oppstå mellom tiltaket og drifta av landbruket vurderast, slik at plassering av nye tiltak ikkje gjer desse større enn naudsynt. Ein skal freiste fortette allereie eksisterande bygningsstruktur der dette er mogleg, og der dette ikkje verkar negativt på kulturhistorisk verdifulle bygningsmiljø.
 3. Alle tiltak skal plasserast og utformast slik at det er tilpassa eksisterande terrenget, og eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad sparast.
 4. Ein skal vere bevisst fargebruken på alle bygg i kommunen. Fargen skal vere tilpassa plasseringa eit bygg har i terrenget.

OMRÅDE FOR RÅSTOFFUTVINNING (PBL §20-4, 1. ledd, nr. 3)

Føresegner:

1. Massetak kan berre gjennomførast etter at det er godkjend reguleringsplan for området (PBL §20-4, 2. ledd bokstav a).

Retningslinjer:

1. Reguleringsplan skal vise situasjonen etter ferdig uttak med arealbruk, 1-meters kotar, revegetering av området og driftsvegar i driftsperioden.
2. Massetak i kommunen skal ha eit mest mogleg ryddig inntrykk i driftstida, og utforminga av landskapet etter ferdig massetak skal gje eit tiltalande inntrykk.

BANDLEGGINGSMRÅDE (PBL §20-4, 1. ledd, nr. 4)

Retningslinjer:

1. Område verna etter Naturvernlova og kjende kulturminne verna etter Kulturminnelova er synte på plankartet. I bandlagt område skal ingen tiltak gjennomførast som kan redusere verneverdien. Ein skal også ta omsyn til bandlegginga i tilgrensande område.
2. Objekt i kommunen kan vere freda etter kulturminnelova utan å synast på plankartet. Det same gjeld fredingsvedtak gjort etter Naturvernlova eller Viltlova etter godkjenning av denne planen.

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

(PBL §20-4, 1. ledd, nr. 5)

Retningslinjer:

1. Tiltak i sjø må ha løyve etter Hamne- og farvatnlova, og kulturvernstyresmaktene skal få høve til å uttale seg før godkjenning.

2. I planen er mykje av sjøarealet uplanlagt. I desse områda tek ikkje kommuneplanen stilling til arealbruken, og denne må difor fastsetjast gjennom handsaming etter gjeldande lovverk i kvar enkelt sak.
3. Areal i sjø avsett til Område for Natur-, Frilufts-, Ferdsle- og Fiskeriinteresser (NFFF i plankartet) kan ikkje nyttast til akvakulturanlegg, eller anna bruk som hindrar den fastsette arealbruken i området.
4. Areal i sjø avsett til Friluftsinteresser (FR i plankartet) skal særskild kunne nyttast til ålment friluftsliv. Tiltak eller arealbruk som kan hindre utøvinga av ålmenta sitt friluftsliv må ikkje finne stad. Der arealbruken er i kombinasjon med ein anna type arealbruk (F, H) skal omsynet til friluftslivet vege tyngst ved bruken av arealet.
5. Areal i sjø avsett til Naturinteresser (N i plankartet) er naudsynte å sikre for å hindre at naturverdien i området vert forringa.
6. Areal i sjø avsett til Fiskeri (F i plankartet) vil gjelde trålfelt, gyteplassar og låssetjingsplasser i kommunen. Ingen anlegg eller arealbruk som kan hindre slik bruk er tillate. Somme område er sett av til fiskeri (låssetjing) i kombinasjon med anna arealbruk (A, FR, H). I desse områda skal bruken som låssetjingsspass vere underordna anna arealbruk, slik at plassering av anlegg ikkje hindrar dei andre brukarane av arealet.
7. Areal i sjø avsett til Ferdsle (H i plankartet) skal sikre ferdsla ved hamner. Tiltak som hindrar ferdsla i desse områda må ikkje finne stad.
8. Areal i sjø avsett til Akvakultur (A i plankartet) skal nyttast av akvakulturanlegg med gyldig løyve etter konsesjonslova. Eksisterande område for akvakultur på Mortveitskjeret og midt i Ytre Tungesvik, skal ein freiste flytte til annan lokalitet i kommunen. Om det lukkast å flytte desse anlegga, skal områda anlegga no ligg på, som er avsett i denne plan, ikkje lenger reknast som akvakultur, men som område med forbod mot akvakultur.

VIKTIGE KOMMUNIKASJONSÅRER (PBL §20-4, 1. ledd, nr. 6)

Retningsliner:

Vegsystemet

1. Planen syner dei viktigaste gjennomgåande vegane i kommunen. Nokre fylkesvegar vil difor ikkje syne i planen.
2. Det er lagt inn veglova sine byggegrenser mot veg i plankartet, som syner avstand frå senterlinja (E 134/Rv 48 = 50m, Fylkesveg=15m). Ved vegutbygging kan denne byggegrensa endre seg i høve til plankartet. Byggegrensene gjeld ikkje for tunnelar eller regulerte område, sjølv om dette skulle vise i kartet.
3. Avkjørsleplan skal vere grunnlaget for forvaltninga av saker etter denne planen. Om eit tiltak ikkje stettar krava i avkjørsleplanen, skal dei ikkje gjevast løyve etter PBL.
4. Trafikksikringsplanen skal danne grunnlaget for prioritering av tryggleiksrelaterte vegprosjekt i kommunen. Kommunen skal til ei kvar tid ha ein gjeldande trafikksikringsplan.
5. Tunnel Etne –Skånevik ligg inne på plankartet utan juridisk binding. Dette er eit høgt prioritert prosjekt for Etne kommune, men traseen til tunnelen kan endrast i høve til veglinja på plankartet i detaljplanlegginga av prosjektet.
6. Eksisterande Gang- og sykkelvegar i kommunen syner på plankartet. I tillegg syner dei framtidige Gang- og sykkelvegar som er prioritert i trafikksikringsplanen.

Kraftliner

1. Dei største kraftlinene i kommunen syner i plankartet. Framtidig trase mellom Vatnedal og Ekreim, samt Åsbø og Litledalen skal vere som erstatning for eksisterande kraftline på same strekningar.

Sjø

1. Skipsleia til Etne og Skånevik, samt skipsleiene til ferjesambandet Skånevik-Matre-Utåker syner på plankartet. Ingen tiltak må gjennomførast som kan hindre skipstrafikken langs desse leiene. Skipsleiene teikna på plankartet må ikkje sjåast på som avgrensa trasear, men syner hovudrutene trafikken skal førast etter. Omsynet til leiene kan difor måtte takast i stor avstand til strekane på plankartet.

Bane

1. Haukelibanan ligg inne på plankartet utan juridisk binding. Det er føresett at det ved detaljplanlegginga av banen kan bli sett ein trase som vik frå den som kjem fram av plankartet.

REGULERINGSPLANAR:

På plankartet syner områda der reguleringsplanar framleis skal gjelde, og der planen difor er unnateke rettsverknad etter PBL §20-5, 2.ledd, bokstav h. Nokre reguleringsplanar skal etter godkjenning av denne planen ikkje lenger gjelde. Det er viktig å merke seg at delar av reguleringsplanane som framleis skal gjelde, likevel ikkje lenger gjeld, der arealbruken i kommuneplanen ikkje er unnateke rettsverknad på plankartet.

Heile planar som etter kommuneplanen <u>ikkje</u> lenger skal gjelde:				
Plannummer	Plannamn	Stadfesta/Vedteken	Siste endring	
R 10	Bergstø 104/1	22.11.1978	29.06.1982	
R 56	Strandplan for Nermark, 84/8	26.07.1973	22.11.1983	
R 61	Strandplan Sandvik – 149/1,2,6 og 150/1	18.10.1973	18.10.1973	
R 66	Reguleringsplan for massetak Grindheim/Rygg	07.03.2000	20.01.2000	
R 84	Utbyggingsplan for Geitdalsneset, Nes	16.05.1991	20.01.1991	
R 85	Disposisjonsplan for Gnr 130 Bnr 1 i Skånevik	03.08.1972	07.06.1972	

Planar som framleis skal gjelde, heilt eller delvis, i Etne kommune:

Plannummer	Plannamn	Stadfesta/Vedteken	Siste endring
R 2	Ligrend I	07.01.1972	02.11.1983
R 3	Etnesjøen m/Tongane	12.10.1973	18.06.1992
R 4	Silde/Kambe	24.10.1973	28.08.1997
R 5	Enge/Silde	25.10.1973	17.06.1993
R 6	Leknestangen	28.03.1974	07.12.1973
R 11	Nyvoll (E-verket Televerket)	02.06.1981	18.03.1993
R 12	Fjæra	21.04.1982	22.01.1982
R 13	Kambe II	18.06.1981	14.04.1988
R 14	Gamlelv	23.04.1982	20.06.1991
R 18	Sævareid Nedre	31.01.1984	16.12.1983
R 19	Området rundt Verdalsvatnet	30.06.1986	04.10.1983
R 20	Gang-/Sykkelveg Etnesjøen kryss v/Osnesvegen	31.01.1984	20.06.1991
R 21	Ligrend II	28.12.1983	19.12.1997
R 23	Bustadfelt på Rygg 44/11	27.11.1985	13.04.1989
R 25	Byggefelt Mørkeli	27.11.1985	26.03.1986
R 26	Etnesjøen og sentrumsplan	13.04.1983	13.03.1987
R 27	Osnes 14/4	17.12.1986	09.09.1986
R 30	Bustadfelt Vae	16.12.1986	10.12.1987
R 31	Honsvik	27.06.1989	
R 32	Skånevik, Del 1: Sentrum	12.01.1993	29.09.1992
R 32	Skånevik, Del 2: Skålnes-Skåno	19.03.1991	10.05.1991
R 32	Skånevik, Del 3: Vedladalen-Oppheim	19.03.1991	10.05.1991
R 33	Steinshagen II	13.11.1990	13.09.1990
R 34	Osnes	11.12.1990	22.03.1990
R 35	Markhus (Hamn)	12.05.1992	25.02.1992
R 36	Vedel Skånevik	02.07.1991	11.04.1991
R 38	Reguleringsplan R11 Teigland - Håland	22.02.1996	25.01.1996
R 39	Rygg	25.04.1995	16.02.1995
R 40	Østrem 037/008,014 og 036/001	17.06.1998	15.10.1998
R 41	Mosnes/Mosdal	30.04.1996	01.08.1995
R 43	Etnesjøen, sentrum del 1	15.06.1999	15.06.1999
R 45	Privat reguleringsplan Skålnes	14.12.1999	07.03.2002
R 46	Frettestølen	12.01.1995	10.06.1995
R 47	Reguleringsplan massetak, Sørheim		
R 49	Utbyggingsplan Skånevik, Be 1, Del 3	15.08.1991	29.05.1991
R 50	Utbyggingsplan Skånevik, Be 8, 9 og S 19	15.08.1991	29.05.1991
R 51	Utbyggingsplan Skånevik, Be A, Del 3	15.08.1991	15.08.1991
R 53	Utbyggingsplan Hamnehagen	28.08.1997	
R 67	Reguleringsplan, Vegkryss Steinshagen	03.10.2000	21.09.2000
R 72	Utbyggingsplan, Bustadfelt Mælandsstølen.	21.09.2000	06.09.2000
R 75	Reguleringsplan for tilkomstveg Austreim	12.12.2000	08.12.2000

